



Tokke

TOKKE KOMMUNE

HANDLINGSPLAN

Kommunedirektørens framlegg til budsjett
2026 og ØP perioden 2026 - 2029



Åge Verpe
Kommunedirektør
Tokke kommune
Oktober, 2025

Foto: Elisabeth S. Haagenen

Innhold

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak	5
1.1 Verbale vedtakspunkt	5
1.1.1 Budsjett og økonomiplan	5
1.1.2 Skatt.....	5
1.1.2 Sal av konsesjonskraft	5
1.1.4 Finans.....	5
1.1.5 Kommunale gebyr.....	5
1.1.6 Søknader.....	5
1.1.7 Øvrige verbalvedtak i kommunestyret	6
1.1.8 Endring av kommunedirektøren sitt framlegg til Budsjettløyvingar	6
1.2 Løyvingsoversikt drift.....	7
1.3 Løyvingsoversikt Investering	8
2. Innleiing.....	9
3. Mål og økonomiske rammevilkår	10
3.1 Handlingsplanens mål	11
3.2 Økonomiske måltal	11
3.3 Budsjettarbeidet og den økonomiske situasjonen i Tokke kommune	11
3.4 Det generelle inntektsgrunnlaget.....	12
3.5 Kostnader	12
3.6 Finans.....	12
3.7 Kraftforvaltning – auka kraftinntekter.....	14
3.8 Investeringsbudsjettet - Handlingsprogram investering 2026 – 2029.....	15
4. Planområda	17
4.1 PLO 0 – Felleskostnader- og inntekter.....	17
4.2 PLO 1 – Sentraladministrasjonen	21
4.3 PLO 2 – Oppvekst.....	23
4.4 PLO 3 – Helse og omsorg	27
4.5 PLO 4 – Plan, næring og kultur	34
4.6 PLO 5 – Teknisk	36
Vedlegg 1.....	38
Gebyr og prisar	38
PLO 2: Oppvekst.....	38
PLO 3: Helse	39
PLO 4: PNK	40
PLO 5: Teknisk (VARF).....	45
Vedlegg 2.....	46
Kraftforvaltning – auka kraftinntekter.....	46

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1.1 Verbale vedtakspunkt

1.1.1 Budsjett og økonomiplan

- Økonomiske oppstillingar etter § 5-4 og § 5-5, samt prosjektoversikt under punkt 3.8, blir vedtekne som budsjettet og økonomi- planen til kommunen for perioden 2026-2029.
- Kommunens finansielle måltal for budsjett/økonomiplan 2026-2029 blir vedtekne slik:

Økonomiske måltal	Langsiktig mål				
		2026	2027	2028	2029
Netto driftsresultat i % av inntektene	1,75%	2,61%	2,58%	2,24%	1,98%
Bufferfond	30 mill	30 mill	30 mill	30 mill	30 mill
Øvrig disposisjonsfond i % av inntektene	min 10%	12,5%	14,8%	16,9%	18,7%

1.1.2 Skatt

- For skatt på inntekt og formue blir det nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- For skatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c
- Eigedomsskattesatsen for 2026 er 7 promille, jf. eskl. § 11 fyrste ledd.
- Skatten blir skriven ut i to terminar, jf. eskl. § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. september.

1.1.2 Sal av konsesjonskraft

- Pristaket for sal av konsesjonskraft blir avvikla for bustadar, fritidsbustadar og foretak i næringsgruppe D-35-1 kraft- og nettselskap og K-63 Datasenter.
- Pristaket for øvrig næring blir sett til 43 øre pr Kwh, ekskl. nettleige og alle avgifter.

1.1.4 Finans

- Tokke kommune betalar avdrag etter minimumsavdragsprinsippet i samsvar med kommunelovens §14-18 Avdrag på lån. Avdragstiden blir sett til maksimalt 40 år.
- Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån til investeringar med inntil 42,3 mill kr i 2026
- Kommunen får fullmakt til å ta opp formidlingslån med inntil 10 mill kr i Husbanken til vidareutlån i 2026.

1.1.5 Kommunale gebyr

- Satsar for gebyr og eigenbetaling blir vedtekne slik dei blir vist i vedlegg 1 «Gebyr og eigenbetaling 2026».

1.1.6 Søknader

- Kommunestyret vedtek budsjett for 2026 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 979 100, i samsvar med vedtak i Kontrollutvalet.

1.1.7 Øvrige verbalvedtak i kommunestyret

1.1.8 Endring av kommunedirektøren sitt framlegg til Budsjettløyvingar

Tabellane viser endringar på driftsbudsjettet etter politisk handsaming

Planområde	Skildring av tiltak, drift	2026	2027	2028	2029
Fellesinntekter- og utgifter					
Sentraladministrasjonen					
Oppvekst					
Plan, næring og kultur					
Teknisk					
Fellesfinansiering					

Tabellane viser endringar på investeringsbudsjettet etter politisk handsaming

Planområde	Skildring av tiltak, investering	2026	2027	2028	2029
Fellesinntekter- og utgifter					
Sentraladministrasjonen					
Oppvekst					
Plan, næring og kultur					
Teknisk					
Fellesfinansiering					

1.2 Løyvingsoversikt drift

Kommunens driftsbudsjett etter kommunelovas økonomiforskrift §5-4 blir vedteke slik det kjem fram av tabellane.

§ 5-4 Løyvingsoversikt drift - Budsjett/økonomiplan 2026-2029							
Alle beløp i 1000 kr	R-2024	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
Generelle driftsinntekter							
Rammetilskot	-93 046	-97 985	-100 993	-100 139	-99 766	-99 795	-99 793
Inntekts- og formuesskatt	-76 161	-80 136	-80 565	-95 143	-95 143	-95 143	-95 143
Eigedomsskatt	-44 615	-43 600	-43 751	-44 700	-43 600	-43 600	-42 900
Andre generelle driftsinntekter	-57 524	-41 770	-49 270	-45 300	-45 300	-45 300	-45 300
Sum generelle driftsinntekter	-271 346	-263 491	-274 579	-285 282	-283 809	-283 838	-283 136
Netto driftsutgifter							
Sum bevilgningar drift, netto	300 364	262 246	273 657	258 371	250 391	249 951	250 051
Avskrivningar	20 379	19 000	19 000	20 500	20 500	20 500	20 500
Sum netto driftsutgifter	320 743	281 246	292 657	278 871	270 891	270 451	270 551
Brutto driftsresultat	49 397	17 755	18 078	-6 411	-12 918	-13 387	-12 585
Finansinntekter/Finansutgifter							
Renteinntekter	-6 897	-6 000	-7 000	-7 308	-7 226	-7 590	-7 792
Utbyte	-8 627	-5 500	-8 170	-9 400	-5 700	-5 600	-5 700
Renteutgifter	15 126	13 000	15 800	16 451	18 032	19 132	19 410
Avdrag på lån (netto)	12 180	12 200	12 400	14 635	15 928	17 199	17 665
Netto finansutgifter	11 782	13 700	13 030	14 378	21 034	23 141	23 583
Motpost avskrivningar	-20 379	-19 000	-19 000	-20 500	-20 500	-20 500	-20 500
Netto driftsresultat (negativt er pluss)	40 800	12 455	12 108	-12 533	-12 384	-10 746	-9 502
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	0	0	2 623	950	950	950	950
Avsetninger til bundne driftsfond	11 356	8 300	9 800	9 800	9 800	9 800	9 800
Bruk av bundne driftsfond	-9 879	-8 300	-9 800	-9 800	-9 800	-9 800	-9 800
Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	11 583	11 434	9 796	8 552
Bruk av disposisjonsfond	-42 278	-12 455	-14 731	0	0	0	0
Dekning av tidlegere års meirforbruk	0	0		0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning	-40 800	-12 455	-12 108	12 533	12 384	10 746	9 502
Fremført til inndekning i seinare år (meirforbruk).	0	0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt drift - Budsjett/økonomiplan 2026-2029							
Driftsbudsjett - 1000 kr - Løyving til planområda	R-2024	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
0. Felleskost/-innt (kun konsesjonskraftsal før 2026)	-20 856	-29 300	-32 800	-11 997	-12 497	-12 497	-12 497
1. Sentraladminstrasjonen	47 739	44 441	55 109	21 963	22 033	21 613	21 713
2. Oppvekst	84 380	87 431	87 928	91 972	89 412	89 412	89 412
3. Helse- og omsorg	108 771	105 420	106 634	99 394	97 324	97 324	97 324
4. Plan, næring og kultur	32 384	25 454	27 541	24 635	23 035	23 015	23 015
5. Teknisk etat	47 946	28 800	29 245	32 404	31 084	31 084	31 084
Sum fordelt til driftsområda	300 364	262 246	273 657	258 371	250 391	249 951	250 051

1.3 Løyvingsoversikt Investering

Kommunens investeringsbudsjett etter kommunelovas økonomiforskrift §5-5 blir vedteke slik det kjem fram av tabellane.

§ 5-5. Løyvingssoversyn – investering						
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
Investeringsutgifter						
Investeringar i varige driftsmidlar	89 551	40 382	51 950	104 875	3 300	35 000
Tilskot til andres investeringar	950	500	0	5 000	1 000	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskaper	948	850	950	950	950	950
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	91 449	41 732	52 900	110 825	5 250	35 950
Investeringsinntekter						
Kompensasjon for meirverdiavgift	-14 600	-8 136	-8 710	-18 635	-140	0
Tilskot fra andre	-21 610	-4 319	-1 000	-15 115	0	0
Sal av varige driftsmidlar	-215	0	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0	0	0
Utdeling fra selskap	0	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne midlar	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-55 075	-29 277	-42 240	-76 125	-4 160	-35 000
Sum investeringsinntekter	-91 499	-41 732	-51 950	-109 875	-4 300	-35 000
Vidareutlån						
Vidareutlån	3 984	0	10 000	0	10 000	0
Bruk av lån til vidareutlån	-3 984	0	-10 000	0	-10 000	0
Avdrag på lån til vidareutlån	912	950	1 100	1 400	1 400	1 400
Mottekne avdrag på vidareutlån	-984	-950	-1 100	-1 400	-1 400	-1 400
Netto utgifter vidareutlån	-72	0	0	0	0	0
Overføring fra drift og netto avsetnader						
Overføring fra drift	0	0	-950	-950	-950	-950
Avsetnader til bundne investeringsfond	72	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Avsetnader til ubunde investeringsfond	50	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetnader	122	0	-950	-950	-950	-950
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0	0	0

2. Innleiing

Økonomiplanen 2026 - 2029 og årsbudsjettet for 2026 blir handsama som ei sak. Årsbudsjettet for 2026 er såleis identisk med det fyrste året i økonomiplanperioden. Budsjettprosessen har vore omfattande og byrja allereie i fyrste kvartal 2025 med ei oppsummerande sak i kommunestyret medio september 2025.

Budsjettaktivitetane i 2025 har fylgjande tidsplan:

- Arbeid med innsparingar og driftstilpassing i planområda våren 2025
- KOSTRA-analyser og grunnlagsdata for drift juli - august 2025
- Oppsummering og presentasjon av innsparingstiltak august-september 2025
- Orientering om: Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett i formannskapet 29.10.25
- Formannskapet gjev si innstilling til kommunestyre 19.11.25, etter føregåande handsaming i råd og utval
- Budsjettinnstillinga vert lagt ut til offentleg ettersyn umiddelbart etter dette
- Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan 11. desember 2025

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar, løyvingar, mål og premiss som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Vidare har dei ulike planområda skrive sin handlingsplanar og mål.

Nytt i årets budsjett er at politisk arbeid, tilskot til Kyrkjeleg fellesråd, barnevern, PPT, NAV, sjølvkostområda vatn, avløp, renovasjon og feiing samt sal og kjøp av konsesjonskraft og løyvingar frå disposisjonsfond blir lagt som egne ansvar under planområde 0.

Det vart varsla eit utbyte frå Vest-Telemark kraftlag på 5,9 mill i 2025 som seinare er oppjustert til 8,17 mill. I Budsjettet for 2026 blir det lagt til grunn eit utbyte frå VTK på 9,4 mill.

Det er enno noko usikkert kor mange flyktningar som Tokke kommune blir bedne om å ta i mot i 2026. I 2025 er det medio oktober teke i mot 7 flyktningar av totalt 13 planlagde. Det er no fleire einslege unge menn som treng busetjing enn tidlegare år og tilgangen på eigna husvære i form av leilegheiter er mindre. Integreringstilskotet gjeng gradvis ned ved reduksjon av talet på nye flyktningar og driftsutgiftene til flyktningetenesta må gradvis tilpassast eit redusert driftsnivå.

Noregspris på straum blei innført 1.oktober 2025 og er ei fastprisordning for bustadhus og fritidshus. Fastpris-avtala gjeng i hovudsak ut på at kundar betalar ein fast pris på 40 øre pr kwh (eks mva) uansett kva prisen i marknaden er. Fastprisavtala har og ei øvre grense på uttak i månaden som er 5 000 kwh for bustadhus og 1 000 kwh for fritidshus. Uttak over desse grensene fylgjer marknadsprisen.

Kommunedirektøren foreslår i budsjettet å fjerne Tokkepris for bustadar og fritidsbustadar men tilrår å behalde Tokkepris for næring utanom foretak i næringsgruppe D-35-1 kraft- og nettselskap og K-63 Datasenter. Auka inntekt ved fjerning av Tokkepris er konservativt anslått til 4,5 mill i budsjettet for 2026 og 5 mill frametter i økonomiplanperioden. Det vert då lagt til grunn ein framtidig straumpris på 65 øre/kwh noko som er eit noko lågare anslag mot NVE si langtidsprognose på 67 øre/kwh i 2030.

Lånet til Tokke kommune er på om lag 360 mill. ved inngangen til 2026. Kommunedirektøren legg no fram eit budsjett med netto driftsresultat på 2,6 % tilsvarande om lag 12,5 mill og auka låneopptak i 2026 (kjem fram i investeringsbudsjettet).

Tilpassing av driftsnivået

I kommunestyresak 48/25 Innsparing for 2026, har kommunedirektøren lagt fram ei rekke tiltak for tilpassing av driftsnivået. Dei ulike innsparingane som er teke med er skildra under kvart planområde og utgjer handlingsplanen for respektive område i økonomiplanperioden. Fleire av tiltaka er knytt opp mot årsverk og får fyrst full verknad i budsjettet etter nokre år (vikariat, mellombelse stillingar, naturleg avgang mm). Tilpassing av driftsnivået vil ta fleire år og vera sentral gjennom heile økonomiplanperioden.

Investeringar – fokus på gevinstrealisering

Av planlagde investeringar i 2026 kan nevast Tokke skule, Åheim og dagsenter ved Tokke helsesenter som dei største. Elles er det fokus på investeringar som kan føre til gevinstrealisering i form av reduserte straum- kostnadar, enklare drift osb. Kommunedirektøren gjer framlegg om vesentleg reduksjon av talet på investeringsprosjekt. Dagens omfang av investeringsprosjekt både med tanke på mengde og kostnad er høg og uoversiktleg. For betre prioritering og styring blir difor talet på prosjekt redusert, og desse vert lagt i ei liste som ynskt men ikkje prioritera investeringar i økonomiplanperioden.

Dalen, oktober 2025

Åge Verpe
kommunedirektør

3. Mål og økonomiske rammevilkår

3.1 Handlingsplanens mål

Ei berekraftig utvikling består av mellom anna klima og miljø, økonomi og sosiale forhold.

Handlingsplanen har som eit overordna mål å tilpasse drifta til ei berekraftig økonomisk drift fram mot 2029. Måla i handlingsplanperioden er å få gjennomført dei ulike tiltaka for driftstilpassing utan vesentleg reduksjon i teneste-tilbodet. Tokke kommune har betydelege inntekter over gjennomsnittet av samanliknbare kommunar og kan levere gode tenester med høg kvalitet sjølv om driftsnivået vert noko redusert frå dagens nivå.

For å oppnå gevinstrealisering gjennom investeringar er det viktig med fokus på miljøvenleg drift, føremålsteneleg arealbruk, låge energikostnader, ombruk og så lågt klimaavtrykk som råd. Med vidare fokus på tillitsbaserte løysingar, meirope, kommunale tilbod og innbyggjarstyrte aktivitetar vil kommunen kunne tilby mange gode tenester sjølv om talet på tilsette gjeng ned eller blir noko redusert. Når færre tilsette skal drifte fleire tenester er teknologiske løysingar og gevinstrealisering sentrale tema.

Rehabilitering og forlenging av levealder på bygg og anlegg gjennom eit verdibevarande vedlikehald er viktig klimaarbeid og vil kunne bidra til vesentleg mindre kostnader på lang sikt. Investeringar i føremålstenlege ENØK-tiltak for automatisering av energidisponering som varme og ventilasjon, samt ombruk av desse, vil gjeva kommunen store innsparingar.

Tilgjengelege tenester for innbyggjarar og tilreisande er viktig for ein kommune som Tokke. Vitjande og fastbuande er sentrale brukarar av teneste- og varekjøp og viktig for næringslivet sin omsetnad og utvikling. Det er og ein trend mot eit større uorganisert idrettsliv/friluftsliv/friskliv med styrketrening og ulike lokale initiativ for samling, tur og opplevingar. Fokus på stadig betre tilgjenge, med meirope anlegg og tilrettelegging i nærmiljø, blir difor viktig i åra som kjem der nyare teknologiske løysingar gjev store moglegheiter for auka fleksibilitet i tenestetilbodet. Kommunen er og sentral som støttespelar for friviljuge lag og foreiningar eller andre innbyggjarinitiativ som er viktige for eit godt liv for folk i alle aldrar.

3.2 Økonomiske måltal

Økonomiske måltal	Langsiktig mål	2026	2027	2028	2029
Netto driftsresultat i % av inntektene	1,75%	2,61%	2,58%	2,24%	1,98%
Bufferfond	30 mill	30 mill	30 mill	30 mill	30 mill
Øvrig disposisjonsfond i % av inntektene	min 10%	12,5%	14,8%	16,9%	18,7%

Tokke kommune har som langsiktig mål å ha eit årleg netto driftsresultat på 1,75 %, og eit disposisjonsfond på minst 10 % av driftsinntektene, i tillegg til eit bufferfond av kraftinntekter på kr 30 mill. I budsjettframlegget når me måltalet knytt til netto driftsresultat i alle åra i økonomiplanen. Me vil i 2029 ha eit disposisjonsfond på ca 18,5 % av driftsinntektene i tillegg til bufferfondet på 30 mill.

3.3 Budsjettarbeidet og den økonomiske situasjonen i Tokke kommune

Etter fleire gode år med solide resultat på grunn av ekstraordinære kraftinntekter blei rekneskapen for 2024 avslutta med eit stort meirforbruk, som måtte dekkjast inn av disposisjonsfond. Driftskostnadane på planområda hadde vakse langt utover den generelle prisveksten, og i budsjettet for 2025 måtte det leggjast inn ytterlegare bruk av disposisjonsfond for å gå i balanse. I løpet av 2025 har det vore stort fokus på å ta ned driftskostnadane, slik at me klarer å halde budsjetttrammene, og i tillegg kunne leggja fram eit budsjett for 2026 med positivt netto driftsresultat.

Summen av innsparingane i drift, auka skatt/rammetilskot og auka kraftinntekter gjer at budsjettforslaget som no blir lagt fram viser eit venta driftsresultat på om lag 12,5 mill kr i 2026. Dette utgjer om lag 2,6 % av venta brutto driftsinntekter. Me får full effekt av innsparingstiltaka som no er lagt inn fyrst i 2027, men store investeringar i

planperioden gjev auka kapitalkostnader og driftsresultata vert derfor noko lågare utover i planperioden.

Tekniske føresetnader

Utgiftsauken frå 2025 til 2026, ofte kalla deflatoren, er sett til 3,5 % samla når det gjeld andre driftsutgifter og løner. Statsbudsjettet nyttar 2,8 % på driftsutgifter og 4 % på løner. Overhenget frå 2025 er rekna til 1%, og det er lagt inn 0,3% til glidningseffektar i samband med lønsoppgjeret.

Pensjonspremien er i 2026 sett til 14,7% for KLP-medlemar, og 7,73 % for lærarar i Statens Pensjonskasse - SPK.

Arbeidsgjevaravgift er på 10,6 % - uendra.

3.4 Det generelle inntektsgrunnlaget

Statlege inntekter	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
Rammetilskot frå staten	105 153	108 846	113 908	113 535	113 564	113 562
Inntektsutjamning	-6 927	-10 890	-13 274	-13 274	-13 274	-13 274
Innteks og formueskatt (inkl naturress.skatt)	100 574	110 222	117 566	117 566	117 566	117 566
Sum skatt og rammetilskot	198 800	208 178	218 200	217 827	217 856	217 854
Integreringstilskot	10 670	16 670	12 700	12 700	12 700	12 700
Totalt	209 470	224 848	230 900	230 527	230 556	230 554

Skatteinntektene og rammetilskotet, dei såkalla frie inntektene, utgjer om lag 218 mill. kr (inkl. naturressursskatt) i Tokke for 2026. Dette inneber ein auke på om lag 4,3 % i forhold til dei siste anslaga for 2025, korrigert for oppgåveendringar. Tala viser ein auke både i forventa rammetilskot og i forventa skatteinntekter.

Inntekter frå integreringstilskot er forventa å gå ned då det er varsla færre nye flyktningar dei neste åra, og kan bli lågare enn prognosane om me ikkje får busett så mange som me har planlagt.

Samla sett er fellesinntektene inkl. kraft og finans - som skal finansiere drifta, nominelt om lag 12 mill. kr høgare i budsjett 2026 enn i revidert budsjett 2025. Dette tilsvarer ein auke på om lag 4,6 %.

Auke i rente- og avdragskostnader, samt reduksjon i forventa utbyte gjev lågare fellesinntekter utover i planperioden.

3.5 Kostnader

Kostnadsnøkkelen for kommunen aukar frå 1,163 i 2025 til 1,188 i 2026. Kostnadsnøkkelen skildrar kor dyrt det er å drifte Tokke kommune samanlikna med landsgjennomsnittet, og påverkar også rammetilskotet. Det er særskilt ein auke i forventa kostnader til barnehage og barnevern som dreg kostnadsnøkkelen opp i 2026.

Ny offentlig AFP-ordning og nye reglar for særaldersgrenser frå og med 2025 gjev eit hopp i pensjonskostnadene, utover generell lønnsauke, på om lag 5 mill. kr samanlikna med opprinneleg budsjett 2025.

3.6 Finans

Finanskostnader- og inntekter	R-2024	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
Renteinntekter	6 897	6 000	7 000	7 308	7 226	7 590	7 792
Utbyte VTK m.fl.	8 627	5 500	8 170	9 400	5 700	5 600	5 700
Renteutgifter	-15 126	-13 000	-15 800	-16 451	-18 032	-19 132	-19 410
Avdragsinntekter			708	708	708	708	708
Avdragsutgifter	-12 180	-12 200	-12 400	-14 635	-15 928	-17 199	-17 665
Totalt	-11 782	-13 700	-12 322	-13 670	-20 326	-22 433	-22 875

Renteinntekter- og utgifter

	2026	2027	2028	2029
Budsjettrente	4,67%	4,51%	4,48%	4,48%

For prognosane på renteutgifter i planperioden er det kommunalbankens budsjettrente som er nytta. Renta er venta å gå litt ned i planperioden, men det er ikkje venta store utslag.

Renteutgiftene vil auke i perioden fordi dei planlagde investeringane vil gjeva behov for store låneopptak.

Renteinntektene kjem frå bankinnskot og inntekter frå utlånte midlar til VTK, Dalen Mek AS og startlån.

Utbyte

Det er venta eit utbyte frå VTK på 9,4 mill. for 2025, dette blir utbetala og inntektsført i 2026. Prognosane for dei neste åra er lågare, men vil variere med produksjon og kraftpris.

Avdrag

Låneopptaket i planperioden vil vera langt høgare enn innbetalte avdrag. Dette vil gjeva ein auke i lånegjelda, som igjen gjev auka avdragskostnader utover i perioden. Nye avskrivingsreglar for sjølvkostområda er ikkje rekna inn i økonomiplanen, men vil på sikt kunne gjeva noko lågare avdragskostnader, med moglegheit for lengre løpetid på låna som blir tekne opp.

Gjeld

Gjeldsoversikt Tokke kommune					
	2025	2026	2027	2028	2029
Lån til egne investeringar 1/1	311 437	312 039	338 936	398 424	384 676
Budsjetterte avdragskostnader	-14 398	-15 343	-16 637	-17 908	-18 373
Nye lån til investeringar	25 000	42 240	76 125	4 160	35 000
korleksjon for ubrukt lån tidlegare år	-10 000	0	0	0	0
Lån til egne investeringar 31/12	312 039	338 936	398 424	384 676	401 303
Gebyrgrunnlag sjølvkostinvesteringar 31/12	41 698	47 555	58 066	58 715	92 247
Lån finansiert av frie inntekter	270 341	291 381	340 358	325 962	309 057
Formidlingslån	2025	2026	2027	2028	2028
Lån til vidareutlån 1/1	19 571	18 621	27 521	26 121	34 721
Budsjetterte avdragskostnader	-950	-1 100	-1 400	-1 400	-1 700
Nye lån til vidareutlån	0	10 000	0	10 000	0
Lån til vidareutlån 31/12	18 621	27 521	26 121	34 721	33 021
Total lånegjeld	330 660	366 457	424 545	419 397	434 324

Samla lånegjeld vil auke med 104 mill. kr i økonomiplanperioden. Av dette vil om lag 50 mill. vera gjeld knytt til sjølvkost, som blir finansiert av innbyggjarane gjennom dei kommunale avgiftene. Om lag 14 mill. av den auka gjelda vil vera startlån, som blir finansiert gjennom vidare utlån. Det tyder at den delen av gjelda som kommunen må finansiere med frie inntekter aukar med om lag 40 mill. kr i planperioden.

3.7 Kraftforvaltning – auka kraftinntekter

Kraftinntekter uendra straumordning	R-2024	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
Eigedomsskatt frå kraftanlegg	44 615	43 600	43 751	44 700	43 600	43 600	42 900
Naturressursskatt 1,13 øre/kWh	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800
Konsesjonsavgifter	9 782	8 300	9 800	9 800	9 800	9 800	9 800
Kraftsal - Tokkepris/Noregspris	37 856	29 300	32 800	31 000	31 000	31 000	31 000
Totalt	115 053	104 000	109 151	108 300	107 200	107 200	106 500
Kraftinntekter tilråding 65 øre/kWh	R-2024	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
Eigedomsskatt frå kraftanlegg	44 615	43 600	43 751	44 700	43 600	43 600	42 900
Naturressursskatt 1,13 øre/kWh	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800
Konsesjonsavgifter	9 782	8 300	9 800	9 800	9 800	9 800	9 800
Kraftsal - Tokkepris/Noregspris	37 856	29 300	32 800	35 500	36 000	36 000	36 000
Totalt	115 053	104 000	109 151	112 800	112 200	112 200	111 500
Kraftinntekter tilråding 75 øre/kWh	R-2024	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
Eigedomsskatt frå kraftanlegg	44 615	43 600	43 751	44 700	43 600	43 600	42 900
Naturressursskatt 1,13 øre/kWh	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800
Konsesjonsavgifter	9 782	8 300	9 800	9 800	9 800	9 800	9 800
Kraftsal - Tokkepris/Noregspris	37 856	29 300	32 800	39 500	40 250	40 250	40 250
Totalt	115 053	104 000	109 151	116 800	116 450	116 450	115 750

Tabell 1 Analyse kraftinntekter med gjennomsnittleg vekta kraftpris 65 øre/kWh og 75 øre/kWh

I gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn ein gjennomsnittleg straumpris i marknaden – «spotpris», på 65 øre/kWh per år. Dette er noko lågare samanlikna med dei langsiktige prisprognosane frå NVE som antyder 67 øre/kWh i 2030 og 58 øre/kWh i 2050. Dei seinare åra har den faktiske marknadsprisen vore 58 øre/kWh i 2024 og 75 øre/kWh så langt i 2025.

I og med innføring av Noregspris (40 øre/kWh), som ligg under gjeldande Tokkepris (41 øre/kWh), vil det ha små verknadar for det private forbruket å avslutte Tokkepris. Slik straummarknaden ser ut no kan ein rekne med at straumprisen (spotprisen) i vårt område (NO2) i store delar av 2026 vil ligge over 45 øre/kWh.

Kommunedirektøren tilrår å avslutte ordninga med pristak (Tokkepris) for private (hus og fritidsbustader) så lenge desse kundane kan velje Noregsprisavtale, men halde på pristaket for næringslivet utanom kraftselskap og datasenter (næringsgruppe D35.1 og K63). I økonomiplanen legg kommunen til grunn ein marknadspris på straum på 65 øre/kWh. Dette er eit konservativt anslag samanlikna med NVE sine langtids prognose på 67 øre/kWh i 2030 og 58 øre/kWh mot 2050. Syner elles til vedlegg 2 Kraftforvaltning inntekter.

3.8 Investeringsbudsjettet - Handlingsprogram investering 2026 – 2029

Kommunedirektørens framlegg til investeringsplan 2026-2029							
Investeringar i varige driftsmidlar	Nr	PLO	2026	2027	2028	2029	2026-2029
Opprustning Tokke skule	1	Oppvekst	27 500	70 000	0	0	97 500
Kjøkken personal Hmo skule	2	Oppvekst	150	0	0	0	150
Oppgradering aldersbustader - Dalen	3	HO	0	2 000	0	0	2 000
Enøk aldersbustader - Hmo	4	HO	2 000	0	0	0	2 000
Dagsenter - Tokke helsesenter	5	HO	2 000	6 475	0	0	8 475
Åheim - kjøkken og kontor	6	HO	6 000	3 000	0	0	9 000
ENØK Helsesenter - energibrønner	7	HO	0	7 000	0	0	7 000
Ravnejuv - tilrettelegging besøkande	8	PNK	0	1 200	0	0	1 200
Opprustning Lårdal grendehus	9	PNK	850	0	0	0	850
Rampestrek Skafsåberget	10	PNK	0	500	0	0	500
Nærmiljøanlegg Tippen m.m.	11	PNK	500	0	0	0	500
Lindeviki - nærmiljøanlegg Bandak	12	PNK	0	0	700	0	700
Trafikkplan vgs og kulturhuset	13	PNK	0	2 800	0	0	2 800
Oppmålingsbil/admbil PNK	14	PNK	0	0	500	0	500
ENØK- SD anlegg - kommunehus	15	PNK	1 000	200	0	0	1 200
Brynesteinsv. og Bandakjordet - Asfalt	16	Teknisk	2 750	0	0	0	2 750
Fallsikring kommunalebygg	17	Teknisk	800	0	0	0	800
Maskinplan - utkjøp av leasing	18	Teknisk/VA	2 350	0	850	0	3 200
Driftsovervaking pumpest. 2022-2024	19	VA	800	0	0	0	800
VA nett Dalen - Fv450 asfaltering	20	VA	0	2 700	0	0	2 700
VA Hallbjønnsekken - utgreiing	21	VA	0	0	0	35 000	35 000
Verkstad - rein/urein sone VA	22	VA	3 000	6 000	0	0	9 000
Ristgods Lårdal og Åmdals-Verk	23	VA	2 000	0	0	0	2 000
Utgreiing Åmdals åi og Oftevatn avløp	24	VA	250	500	250	0	1 000
Avløp st. Monsjordet - åkryssing	25	VA	0	2 500	0	0	2 500
Utgreiing Dalen RA rensekrav	26	VA	0	0	1 000	0	1 000
Sum varige driftsmidlar			51 950	104 875	3 300	35 000	195 125

Andre postar i investeringsrekneskapsplanen							
Tilskot investeringar - kyrkja	27		0	5 000	1 000	0	6 000
Eigenkapitaltilskot KLP	28		950	950	950	950	3 800
Formidlingslån - nye lån	29		10 000	0	10 000	0	20 000
Formidlingslån - avdrag	30		1 100	1 400	1 400	1 700	5 600
Sum andre postar			12 050	7 350	13 350	2 650	35 400

For 2026 tilrår kommunedirektøren eit investeringsbudsjett på om lag 52 millionar, og med nytt låneopptak på 42,2 mill. Det er i hovudsak Tokke skule som utgjør over halvparten av investeringskostnadane i 2026 med anslagsvis 27,5 mill og resterande beløp i 2027. Vidare planlegg Tokke kommune investeringar i bufellesskapet Åheim med totalt 9 mill. over to år og nytt dagsenter på Tokke helsesenter på om lag 8,6 mill. over to år. Både Åheim og dagsenter har fått positivt tilsagn på søknad om investeringstilskot frå husbanken på om lag 50%.

Det er vidare planlagt å rehabilitere verkstaden på Tokkestad slik at denne kan stette krava frå arbeidstilsynet med rein og urein sone på diverse anlegg. Det blir sett av totalt 9 mill. til dette prosjektet i 2026 og 2027.

Samstundes føreslår kommunedirektøren at ei rekke prosjekt vert tekne ut av investeringsplanen. Investeringa går fram av tabellen under og syner samla investeringsramme på 44,1 mill. Desse utgår. Bakgrunnen for reduksjon av talet på investeringsprosjekt er mellom anna tydelegare prioritering, kapasitet for gjennomføring ved teknisk avdeling, nokre prosjekt treng vidare utgreiing med tanke på kostnadsberekning og om tiltaket er drift eller investering.

Prosjekt foreslått tatt ut av investeringsplanen	Nr	PLO	2026	2027	2028		2026-2029	Merknader
Skjerm kommunestyresal	31	Sentraladm	0	0	0	0	0	Prioriterast ikkje
IT VTDS	32	Sentraladm	500	500	500	0	1 500	Utgår - Ingen konkrete planar
Tokkehallen Dusjanlegg	33	Oppvekst	0	0	800	0	800	Vurderast i samband med utviding Tokkegym
Sløyd/naturfag-rom Hmo skule	34	Oppvekst	600	0	0	0	600	Overflateoppussing - må tas i drift
Terasse Dalen barnehage	35	Oppvekst	450					Vedlikehald - må tas i drift
Byte gamle vindauge mot parkering på Høydalsmo skule	36	Oppvekst	1 000	0	0	0	1 000	Vedlikehald - må tas i drift
Solskjerming Høydalsmo barnehage	37	Oppvekst	200	0	0	0	200	Vedlikehald - må tas i drift
Tak bod og vaskelinje dalen bhg	38	Oppvekst	0	0	0	0	0	Blir tatt i samband med takrepreasjon 2025
Byrte bhg, tak og glas	39	Oppvekst	0	2 500	0	0	2 500	Prioriterast ikkje
Sikring rundt Tokkehallen	40	Oppvekst	600	0	0		600	Vurderast i samband med utviding Tokkegym
Utstyr helse og omsorg	41	HO	250	250	250	0	250	Ingen konkrete prosjekter planlagt
Garasje for legebil	42	HO	250	0	0	0	250	Prioriterast ikkje
Takheisar omsorgsenter	43	HO	2 000	0	0	0	2 000	Behov utgreiast vidare
Forsterka omsorgsbustad	44	HO	2 000	0	0	0	2 000	Behov utgreiast vidare
Forprosjekt bruk av bygg helsesenter	45	HO	0	250	0		250	Prioriterast ikkje
Sanitær Soria Moria, Dalen bryggje m.fl.	46	PNK	1 000	1 000	0	0	2 000	Prioriterast ikkje
Bustadtomter, inkl. regulering Dalen	47	PNK	0	0	5 000	0	0	Vurderast når reg.plan blir godkjent
Sjøbui Lårdal	48	PNK	0	1 200	0		0	Prioriterast ikkje
Turistparkering Skafsåberget	49	PNK	1 250	0	0	0	0	Vurderast når forprosjekt er ferdig
Gangveg bryggja mm - til utslagplassen	50	PNK	1 250	0	0	0	0	Vurderast når forprosjektet er ferdig
Lydisolasjon på Kulturhuset (Ripilen og Gygriburet)	51	PNK	0	0	500	0	500	Prioriterast ikkje
Garasje på kommuneverkstaden mot Statkraft	52	Teknisk			1 000			Prioriterast ikkje
Garasje til biler reinhald	53	Teknisk		1 000				Prioriterast ikkje
Kommunale utleigebustader, oppgradering	54	Teknisk	1 500	1 500	1 500			Gjeld bustadane på T angane - vurderast seinare
ENØK-prosjekt, styringsystem	55	Teknisk		1 000				Tatt med i prosjekt Dagsenter og Åheim
Vassforsyning Høydalsmo	56	VA			10 000			Prioriterast ikkje
Rehabilitering av ledningsnett Hallbjønnsekken	57	VA	0	0	0	0	0	Lagt inn i prosjekt nr 20 - 200 000 kr i 2027
Septikmottak Dalen	58	VA	2 500	0	0	0	2 500	Prioriterast ikkje
Totalt			15 350	9 200	19 550	0	44 100	

4. Planområda

4.1 PLO 0 - Felleskostnader- og inntekter

Tabell 4.1 - dokumentasjon på ramme

Oversikt 2026-2029	Ps-nummer	Budsjett 2025	Rev bud. 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
0 Felleskostnader- og inntekter		0	0	0	0	0	0
Konsekvensjusteringar:							
Politikk				4 766	4 766	4 766	4 766
Tilskot Kyrkjeleg fellesråd				5 146	5 146	5 146	5 146
Nav VT				4 730	4 730	4 730	4 730
Barnevern				9 041	9 041	9 041	9 041
PPT				1 360	1 360	1 360	1 360
VTDS				2 467	2 467	2 467	2 467
Sjølvkost VARF				-5 807	-5 807	-5 807	-5 807
Premieavvik pensjon				1 800	1 800	1 800	1 800
Konsesjonskraft sal/kaup				-35 500	-36 000	-36 000	-36 000
Kommunedirektørens forslag		0	0	-11 997	-12 497	-12 497	-12 497

Politikk

Tidlegare har kostnadene for politisk arbeid vore fordelte ut på dei ulike planområda. For å få ei betre samla oversikt blir dei no samla under nytt planområde. Budsjetttramma er justert opp med 3,5 % i forhold til ramma for 2025, og det er trekt ut 115 000 kr som ein del av innsparingstiltaka til Sentraladministrasjonen frå innsparingssaka som var oppe tidlegare i år. Det blir i tillegg oppretta ein post for vedtak som blir gjort med finansiering frå disposisjonsfondet gjennom året. Dette bør gjeva ein meir oversiktleg økonomisk struktur.

Kyrkjeleg fellesråd

Kommunedirektøren tilrår for 2026 ei overføring til Kyrkjeleg fellesråd på 5,146 mill. kr. Dette svarer til overførings- og i fjor trekt frå ei generell innsparing på 350 000 kr (6,6% av ramme), og ei oppjustering med 3,5 % for løns- og prisvekst.

Interkommunale samarbeid

Kommunedirektøren har meir avgrensa høve til å påverke kostnadane frå år til år innanfor dei interkommunale samarbeida. Rammene for desse blir difor tekne ut av dei andre driftsområda og blir lagde inn på planområde 0. Rammene som er lagde inn er prognosar som er sette opp av kommunane som er ansvarleg for dei ulike samarbeida.

Nav Vest-Telemark

Tokkes part av budsjett 2025 for Nav VT er 5,162 mill. kr. For 2026 er det lagt inn ei ramme på 4,73 mill. kr. Det er då føresett ei innsparing på økonomisk sosialhjelp på 500 000 kr knytt til flyktningar.

Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark

Tokkes andel av barnevernssamarbeidet aukar frå 7,5 mill. i 2025 til 9 mill. i 2026. Hovudårsaka til auken er nye tiltak i familiar der målet er å førebyggje fosterheimsplassering, men me ser også ein auke i kostnader der kommunen har overteke omsorga. Tenesta har gått gjennom alle tiltak og redusert omfanget der dette har vore mogleg, utan at det går utover det førebyggjande arbeidet.

PPT

Tokke samarbeider med Vinje kommune om PP-teneste. Tokke sin del for 2025 var på 1,235 mill., medan det for 2026 er lagt opp til ein kostnadsauke på om lag 10%, til 1,36 mill. kr.

Vest-Telemark Driftssenter

VTDS driftar IKT-tenester for Vest-Telemark-kommunane. For 2025 er Tokke sin andel budsjettert til 2,8 mill. Utvidinga av samarbeidet har gjort det meir kostnadseffektivt, så ramma for 2026 er sett til 2,467 mill. Innsparinga blir bruka til å dekke inn auka lisenskostnadar på IKT-feltet.


Sjølvkost

Dei kommunale gebyra for vatn, avløp, renovasjon, slam og feiing vert fastsette i samsvar med prinsippet om sjølvkost, der gebyra over tid skal dekke faktiske kostnader til drift, vedlikehald og investeringar på dei respektive områda.


Samla normalgebyr (inkl. mva.) for ein husstand i Tokke kommune vert i 2026 på **27 443** kroner, mot **24 840** kroner i 2025. Dette utgjer ein auke på **2 603** kroner, tilsvarande om lag **10,5 %** frå året før.

Auken kjem i hovudsak av:


- 25 % auke i vassgebyret for å dekkje inn underskot i sjølvkostfondet for vatn
- 10 % auke i avløpsgebyret for å møte framtidige investeringsbehov
- 15 % reduksjon i renovasjonsgebyret for å byggje ned sjølvkostfondet
- Uendra feiegebyr (0 %)
- For slam (septik) vert gebyra haldne stabile (0 % auke), då sjølvkostfondet skal byggjast ned gradvis over fleire år på grunn av fireårssyklus for tømming.



Det har kome endringar i sjølvkostforskrifta som gjev ein auke på om lag 0,4 % i forhold til kalkylerentene som blei lagde til grunn i budsjettering for 2025. Endeleg rente for 2026 vil me ikkje vita før etter kalkylen i jan. 2027, og vil bli presentert i årsmeldinga for 2026.



Bakgrunnen for den store auken av vassgebyra i denne perioden er for å ta inn underskotet på sjølvkost-fondet på vatn, medan den store auken som kjem frå 2028 og utover på avløp er for å dekkje inn dei store prosjekta på reinseanlegg (Hallbjønnsekken 2029 og Dalen 2030).



Vatn

For vatn vert det lagt til grunn ein auke på 25 % frå 2025 til 2026. Bakgrunnen er å dekkje inn eit opparbeidd underskot i sjølvkostfondet for vatn.

I økonomiplanen er det ikkje lagt til grunn auke i talet på abonnentar i perioden.

Avløp

Tokke kommune legg til grunn ein auke i **avløpsgebyret på 10 % frå 2025 til 2026**. Sjølvkost-fondet for avløp er per i dag i pluss, men kommunen vurderar det som nødvendig med moderat auke for å møte framtidige investeringsbehov.

Frå og med 2028 og utover er det venta større gebyrauke, knytt til planlagde investeringar i nye reinseanlegg på Hallbjønnsekken (2029) og Dalen (2030).

Renovasjon

Avgiftene for renovasjon følger vedtak i representantskapet for Renovest IKS. I følge dagleg leiar i Renovest IKS er det ikkje planlagt nokon auke i gebyra for 2026. Tokke kommune legg difor opp til ein **reduksjon av det kommunale renovasjonsgebyret med 15 % frå 2025 til 2026**, for å byggje ned sjølvkostfondet på området gradvis.

Sjølvkostfondet for renovasjon har blitt opparbeidd over fleire år, og ei gradvis nedtrapping av gebyret vil bidra til å bringe fondet ned mot eit nivå som samsvarer med prinsippet om full kostnadsdekning over tid.

Feiing

Avgifta følger vedtak i representantskapet for Vest-Telemark Brann og Redning og byggjer på prinsippet om full kostnadsdekning. Det er ikkje bygd opp noko større fond på sjølvkostområdet for feiing og tilsyn (om lag 8 % av årlege inntekter), slik at gebyra i hovudsak dekkjer løpande drift. Dersom Vest-Telemark Brann og Redning ikkje aukar gebyra sine vesentleg, legg Tokke kommune til grunn ei **0 % auke i feiegebyret frå 2025 til 2026**.

Slam og septik (tømming av mindre avløpsanlegg)

Avgiftene for slam- og septiktømming følger vedtak i representantskapet for Renovest IKS. Etter dialog med dagleg leiar i Renovest IKS, legg Tokke kommune til grunn at selskapet ikkje vil auke gebyra sine for 2026.

Tokke kommune legg difor opp til **0 % auke i dei kommunale gebyra for slam og septik frå 2025 til 2026**. Dette skal bidra til ei gradvis nedbygging av sjølvkostfondet på området. Sjølvkostfondet for slam har ein viss storleik, men kan ikkje reduserast raskt grunna tømmefrekvensen som følger ein fireårssyklus. Dette gjer at inntekter og kostnadar varierer noko mellom åra. Kommunen vil difor halde gebyra stabile dei næraste åra, for å balansere fondet over tid.

Premieavvik

For å få mindre svingingar i pensjonskostnadene ute på driftsområda blir det oppretta ein eigen budsjettpost under planområde 0 for premieavvik. Her vil premieavviket for inneverande år og amortisering av tidlegare års premieavvik førast. Netto budsjettert ramme for 2026 er 1,8 mill. kr, men kostnadane vil mellom anna vera avhengige av kor mykje avkastning KLP kan tilføre premiefondet til kommunen etter 2025.

Konsesjonskraft sal/kjøp

Inntekter og kostnadar knytt til konsesjonskraft er flytt til planområde 0 for at kommunens økonomiske struktur skal harmonere med dei forskriftsmessige økonomiske oversiktene kommunen skal bruke i økonomirapporteringa. I desse reknast ikkje kjøp/sal av konsesjonskraft som ein del av dei generelle driftsinntektene. Sjå elles omtale av konsesjonskraft under punkt 3.7.

4.2 PLO 1 - Sentraladministrasjonen

Tabell 4.2 - dokumentasjon på ramme

Oversikt 2026-2029	Ps-nummer	Budsjett 2025	Rev bud. 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
1. Sentraladministrasjonen		44 441	44 441	44 441	44 441	44 441	44 441
Herav overføring kyrkjeleg fellesråd		5 327	5 327	5 327	5 327	5 327	5 327
Politisk bevilga:							
Forrige øk.plan - vedtak med endringer (netto)				-575	-475	-1 125	-1 025
Seniorrådgjevar	22/2025		850	1 335	1 335	1 335	1 335
Løyvingar 2025 utan vidareføring			9818	0	0	0	0
Konsekvensjusteringar:							
Politikk - ramme flytt til nytt planområde				-4 373	-4 373	-4 373	-4 373
Kyrkjeleg fellesråd - tilskot flytt til nytt planområde				-4 977	-4 977	-4 977	-4 977
Nav VT - ramme til nytt planområde				-5 162	-5 162	-5 162	-5 162
VTDS - ramme til nytt fellesområde				-2 384	-2 384	-2 384	-2 384
Ramme for studiestønad til HO og Oppvekst				-1 650	-1 650	-1 650	-1 650
Ramme Integrering - overført til Oppvekst				-2 223	-2 223	-2 223	-2 223
Konsulentstilling 50% flytt til HO				-400	-400	-400	-400
Auka pensjonskostnader KLP				208	208	208	208
Innsparingskatalog:							
Reduksjon i stillingar.				-630	-630	-630	-630
Kutte ordning med masterstipend				-90	-90	-90	-90
Reduksjon i politisk styring				-115	-115	-115	-115
Administrative tiltak				-500	-530	-300	-300
Reduksjon overføring til Kyrkjeleg Fellesråd				-350	-350	-350	-350
Reduksjon rådgjevarstilling				-1 335	-1 335	-1 335	-1 335
Deflatorjustering ramme 3,5%				743	743	743	743
Kommunedirektørens forslag		44 441	55 109	21 963	22 033	21 613	21 713

Innsparingstiltak

Kommunen står framfor økonomiske utfordringar som krev både reduksjon i utgifter og meir effektiv bruk av ressursar. For å møte desse utfordringane er det utarbeidd nokre tiltak i sentraladministrasjonen som omfattar tiltak bl.a. i administrativ organisering og politisk styring. Moglege konsekvensar av dei ulike tiltaka er skildra under.

Det er likevel viktig å peike på at ei justering av stillingar ikkje nødvendigvis fører til eit redusert tenestetilbod. Ved å ta i bruk nye digitale verktøy, og enklare rapporteringsrutinar, vil arbeidet kunne bli utført meir målretta og med same nivå av brukarfokus.

Reduksjon i stillingar

Frå 2026 vert det gjennomført ei innsparing i sentraladministrasjonen tilsvarande kr 500 000. Dette skjer mellom anna gjennom avslutning av eit arbeidstiltak og ei mogleg 20 % reduksjon i ei stilling i samband med at ein tilsett blir delvis pensjonert. Samstundes vert oppgåver og ressursar flytt internt i organisasjonen for å sikre betre utnytting. Telefontida i resepsjonen på kommunehuset vert òg redusert, slik at resepsjonstenesta kan frigjera arbeidstid til andre oppgåver.

Masterstipend

Kommunestyret har vedteke å dele ut masterstipend på kr 30 000 årleg til inntil tre personar busette i kommunen. Tiltaket er positivt for den enkelte mottakar, men vurderinga er at ordninga ikkje har synleg nytteverdi for kommunen utover dette.

Reduksjon i politisk styring

For å effektivisere den politiske organiseringa føreslår administrasjonen at oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutvalet vert slått saman til eitt nytt utval. Talet på medlemar i dette utvalet vert redusert til sju.

Administrative tiltak

Avtalen om ei 30 % stilling som prosjektleiar i pilotprosjektet for nærttenestesenter går ut ved utgangen av januar. Ansvar vert vidareført innanfor dei attverande stillingane i sentraladministrasjon. Vidare vert ei 20 % stilling flytt frå sentraladministrasjonen til kulturskulen for å styrke dette tilbodet.

Reduksjon overføring til Kyrkjeleg fellesråd

Den årlege overføringa til Kyrkjeleg fellesråd vert redusert med kr 350 000.

Generelle utfordringar i etaten

Kommunane i Noreg har dei siste åra vore gjennom ei omfattande digitalisering av tenestene sine. For Tokke kommune er dette ein naudsynt del av å møte framtidige krav til effektivitet, kvalitet og tilgjenge i tenestene.

Kommunen har nyleg teke i bruk eit større system for å støtte rekruttering av personell og effektivisere rekrutteringsarbeidet. I tillegg er kommunen i ferd med å innføre modulen EveryOne i økonomisystemet ERP Kommune. ERP Kommune er ei skybasert løysing som samlar sentrale funksjonar som økonomi, HR og løn i eitt system.

4.3 PLO 2 - Oppvekst

Tabell 4.3 - Dokumentasjon på ramme

Oversikt 2026-2029	Ps-nummer	Budsjett 2025	Rev bud. 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
2. Oppvekst		87 431	87 431	87 431	87 431	87 431	87 431
Politisk bevilga:							
Forrige øk.plan - vedtak med endringer (netto)				-1 030	-1 030	-1 030	-1 030
Løyvingar 2025 utan vidareføring			98	0	0	0	
Konsekvensjusteringar:							
Ramme integrering frå Sentraladm. + ubudsjettet i 25				4 516	4 516	4 516	4 516
PPT til nytt planområde				-1 235	-1 235	-1 235	-1 235
Øymerka statstilskot undervisningsutstyr			68	68	68	68	68
Maksprisordning barnehage			331	584	584	584	584
Studiestøtte fordelt frå Sentraladm.				900	900	900	900
Auka pensjonskostnader KLP				658	658	658	658
Innsparingskatalog:							
Legge ned Byrte barnehage frå 01.08.26				-700	-1 400	-1 400	-1 400
Redusere bemanning med 250%				-900	-2 230	-2 230	-2 230
Redusere bemanning med 50% i VO				-220	-450	-450	-450
Følge Telemarksavtala, ikkje redusert betaling				-300	-300	-300	-300
Redusere digitale fagprogram				-70	-70	-70	-70
Fjerne stønad til VGS				-350	-350	-350	-350
Syskenmoderasjon etter lovkrav				-30	-30	-30	-30
Auke timepris sfo + kost				-20	-20	-20	-20
Redusere miljøterapeut-teneste				-300	-600	-600	-600
Fjerne gratis kontigentar kulturskule				-40	-40	-40	-40
Administrative tiltak (365, 17.mai mm)				-100	-100	-100	-100
Deflatorjustering ramme 3,5%				3 110	3 110	3 110	3 110
Kommunedirektørens forslag		87 431	87 928	91 972	89 412	89 412	89 412

Innsparingstiltak

Moglege konsekvensar av dei ulike tiltaka er skildra under. Det er likevel viktig å peike på at ei justering av stillingar ikkje nødvendigvis fører til eit redusert tenestetilbod. Ved å ta i bruk nye digitale verktøy, og enklare rapporteringsrutinar, vil arbeidet kunne bli utført meir målretta og med same nivå av brukarfokus.

Oppvekstetaten i Tokke har til no hatt god vaksentettleik både i barnehage, skule og kulturskule. Dette har vore ein viktig faktor både innan rekruttering/behalde tilsette og i det førebyggjande arbeidet for å sikre innanforskap og danning av barn og ungdom som skal bli robuste, yrkesaktive vaksne.

I ein situasjon der me no skal spare fleire millionar, ser me tydeleg at det er stillingar og struktur som gjev dei største innsparingstiltaka. Det vil vera naudsynt å sjå på innsparingstiltak på andre område òg. Innsparingstiltaka har teke utgangspunkt i kostratal, kostnader pr. barn/elev og lovpålagte tenester.

Innsparing i talet på stillingar:

Barnehage

Bemanning i barnehage blir regulert ut frå ei lovfesta bemanning – og pedagognorm. I Tokke ligg me på norm eller litt over norm. Dalen barnehage har i tillegg ei 100% stilling på kjøkenetene, samt at me har ei 100% vikarstilling som blir nytta mot alle barnehagane ved sjukdom. Høydalsmo barnehage har hatt ein nedgang i barnetal frå haust

2025, og ligg difor godt over norm. Her kan ein redusere bemanning med 100% frå haust 2026.

Konsekvens

Då barnehagen i Høydalsmo ligg godt over norm, bør ikkje dette få den store konsekvensen. Det er alltid noko endring i personalsituasjonen i oppstart av nytt barnehageår, og det vil difor vera enkelt å redusere ei 100% stilling. Mogleg nokon må endre arbeidsstad/barnehage dei jobbar i. Eventuelle endringar vil skje i god tid, og i god dialog med involverte tilsette.

Skule

Grunnskulen i Tokke driv ikkje særskilt dyrt, men me ser at ein elev i Høydalsmo kostar 80 000 kr meir enn ein elev på Tokke ut frå berekningar frå 2023. I fylgje kostra har skulane i Tokke rimeleg god vaksentettleik og ligg høgt i kostnad pr elev samanlikna med andre skular i Noreg, men ligg på gjennomsnitt om ein samanliknar med andre skular i Vest Telemark. I forslag til innsparing er det lagt inn forslag om å redusere ei 50% lærarstilling på kvar skule. Noko ytterlegare innsparing på lærarstillingar vil ligge på grensa av kva som er forsvarleg ut frå dagens drift. I tillegg ynskjer me å redusere miljøterapeutane frå 160% til 100%. Miljøterapeutar er ikkje lovpålagt, men har ei viktig rolle for å sikre eit godt og trygt skulemiljø. Me bør difor ikkje fjerne dei heilt.

Konsekvens ved å redusere lærarstillingar

Redusert bemanning kan gjeva høgare arbeidspress, auka sjukefråvær, og lågare trivsel blant tilsette, som igjen fører til dårlegare tilbod for elevane.

Døme på dette er:

- Det kan føre til svekka kvalitet på det pedagogiske tilbodet, og svekka evne til å fylgje opp sårbare born med særskilde utfordringar
- Mindre vaksenkapasitet i klasserom og skulemiljø kan føre til meir uro
- Mindre tid til førebyggjande arbeid
- Smalare fagkompetanse.

Konsekvens ved å redusere miljøterapeut

- Miljøterapeutane har ei rolle i samband med arbeidet kring trygt og godt skulemiljø. Ein reduksjon vil truleg medføre til mindre kontinuitet i høve oppfølging
- Miljøterapeutane kan vera tett på, og bidreg til trivsel og aktivitetar i friminutta
- Reduksjon av miljøterapeut kan gå ut over dei mest sårbare elevane som treng tettare oppfylgjing, for å hindre at dei fell utanfor
- Barn og unge meiner sjølve at det er positivt med miljøterapeut inn i skulen

Reduksjon av miljøterapeutar til ei stilling som det var tidlegare (60 + 40%) er ikkje optimalt i høve organisering. Alternativt må noverande miljøterapeutar auke/fylle opp stillinga si med andre aktuelle oppgåver.

Det er alltid noko endring i personalsituasjonen i oppstart av nytt skuleår, og det vil difor vera mogleg å redusere omlag 50% stilling på kvar skule. Mogleg nokon må endre arbeidsstad/skule dei jobbar. Eventuelle endringar vil skje i god tid, og i god dialog med involverte tilsette.

Kulturskulen

Kulturskulen driv dyrt i Tokke, og prisen for kvar time er godt over dei andre kommunane i Vest – Telemark. Kulturskulen har i dag mange tilbod og gjev mykje eineundervisning for ekstra oppfylgjing.

Konsekvens

Det er liten konsekvens av å redusere 50%. Det kan føre til færre elevplassar og mindre breidde i fagtilbodet. Færre elevar får det tilbodet dei ynskjer, og det kan bli lengre ventelister. Alle i kulturskulen har faste stillingar. Ein eventuell reduksjon av stillingar kan medføre til endra arbeidsstad/oppgåver i oppvekst.

Vaksenopplæringa

Det har vore ein stor nedgang i mottak av flyktningar som gjer at ein kan redusere bemanning.

Konsekvens

Det er liten konsekvens av å redusere 50%. Dei fleste i vaksenopplæringa har fast jobb. I ei innsparing må me eventuelt vurdere omplassering til andre avdelingar i oppvekst, som til dømes i skule.

Struktur barnehage

Det er 4 barnehagar i Tokke. Alle er små med unntak av Dalen. Åmdals Verk og Byrte har i periodar vore stengt. Barnetala i Åmdals Verk er på veg oppover, og nedlegging av denne blir ikkje tilrådd ut frå dagens vekst. I Byrte er det 6 born som får barnehagetilbod 3 dagar i veka. Kostnad pr born/pr plass er godt over dei andre barnehagane. Ut frå ein «Barnets beste» vurdering får desse borna mindre variasjon i leikekameratar, færre språkmodellar samt at aldersblanda grupper kan vera utfordrande i tilrettelegging i leik og samspel. For nokon born er det utfordrande å gå 3 dagar i ein barnehage, og 2 dagar i ein annan. I dag nyttar 4 av borna tilbod på Dalen torsdag og fredag. Det har elles vore mykje fråfall av born på oppsette dagar (er ofte berre 4 – 5 born som kjem). Det er elles krevjande å få bemanning, det er eit lite fagmiljø, og det er lite samarbeid og moglegheit til kompetanseutvikling for tilsette. Om ein tilsett blir sjuk på kort varsel, må borna ned til Dalen barnehage. Dette på grunn av mangel på vikarar. Det vil vera plass til desse borna på Dalen utan å måtte opne ei sjette avdeling.

Konsekvens

Ei nedlegging av Byrte barnehage vil medføre lengre reiseveg for nokre av borna. Nokre born/føresette kan oppleve at det blir mindre tilhøyrse til bygda. I høve bemanning er det i dag 180 % stilling i Byrte. Av desse er 135% fast i dag. Desse kan flyttast til ein av dei andre barnehagane. Då vil også pedagognorma bli styrka. Ved ei eventuell nedlegging må alle involverte partar involverast og informerast i god tid på endringane som skal skje.

Andre innsparingstiltak:

Fylgje Telemarksavtala

Tokke har i dag ei eiga avtale for born/eleva som går i skule/barnehage på tvers av kommunegrensar. Til dømes får born frå andre kommunar gratis barnehageplass i Tokke. Eleva i skulen betalar halv sats. Det er uheldig å praktisere eigne ordningar i høve refusjon. Ei felles avtale med dei andre kommunane i Vest-Telemark, vil skape betre kommunikasjon og vera meir føreseieleg. Det er berre Tokke som ikkje fylgjer Telemarksavtala. Ressursar bør gå til å sikre gode tenester til eigne innbyggjarar. Me må sørge for at me får inntekter på lik linje med dei andre kommunane.

Konsekvensar

Ingen konsekvens for Tokke kommune.

Reduksjon av digitale fagprogram

Det har vore noko ukritisk bruk av digitale verktøy særskild i skulen dei siste åra. Ein reduksjon vil føre til auka medvit kring kva for program skulen bør nytte. Me bør difor prioritere å sjå nærare på kva for program som overlappar kvarandre. Ukritisk bruk av digitale verktøy og program kan gjeva overflatelæring og lite rom for refleksjon og tankeverksemd i undervisninga.

Konsekvens

Det er tidkrevjande å rydde opp, elles ingen konsekvens.

Auke timeprisar på SFO og kost i barnehage og SFO

Satsane har ikkje vore endra på fleire år. Det har vore stor auke på blant anna matvareprisar. Tokke ligg godt under timesatsar samanlikna med andre kommunar i Vest – Telemark.

Konsekvens

Det bør ikkje bli den store konsekvensen for den enkelte familie. Prisar for å nytte både barnehage og SFO har gått svært mykje ned dei siste åra. Me må endre barnehagevedtektene.

Syskenmoderasjon i barnehage etter lovkrav, samt korrigere syskenmoderasjon i SFO

Innføre syskenmoderasjon i tråd med lovverk vil gjeva noko auka inntekter. I dag er lovkravet 30% på barn nr. 2 og gratis for barn nr. 3 og fleire i barnehage.

Det er pr i dag blitt svært reduserte prisar i SFO og barnehage:

- Det er 12 timar gratis SFO i veka for 1.- 3. klasse.
- Makspris i barnehage er sett ned til 700 kr.

Det er ingen lovkrav om syskenmoderasjon i SFO og kulturskulen. Syskenmoderasjonen blir ikkje endra i kulturskule, men bør endrast i SFO til 30% på barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 og fleire.

Ein meir nøyaktig kostnad for syskenmoderasjon i SFO kan bidra til at familiar vurderer behov meir nøye, og kan frigjera kapasitet og redusere presset på SFO -plassane.

Konsekvens

Det er liten konsekvens då prisane i barnehage og SFO har blitt svært låge. Me må endre barnehagevedtektene.

Fjerne stønad til VGS og ekskursjonar

Vest-Telemark vidaregåande skule er eigd og driven av fylkeskommunen og det er difor naturleg at turar og ekskursjonar blir finansiert gjennom skulen.

Konsekvens

Ekskursjonar kan vera eit trekkplaster for elevar som vurderer å gå på Vest – Telemark vidaregåande skule, men er truleg ikkje hovudårsak til val av skule.

Fjerne gratis kontingentar i kulturskulen

Ved å fjerne gratis kontingentar kan me auke kulturskulens inntekter noko. Gratis ordningar kan medføre at det blir mindre forpliktande å møte opp på øvingar. I dag er det 44 gratis plassar i kulturskulen. Dei fleste av desse er knytt opp mot korpset, som har gratis deltaking.

Me bør i tillegg fjerne redusert pris dersom ein deltek på fleire tilbod, samt auke kontingent for vaksne over 18 år.

Konsekvens

Det kan redusere sjansen for inkludering og førebygging av utanforskap. Det kan også redusere borns rett til å delta i kunst og kulturliv, samt redusere utvikling av bornas kreative ferdigheiter.

Generelle utfordringar i etaten

Rekruttering av rett kompetanse er til tider krevjande i oppvekst. I skule har det vore gode søkjartal, men me får ikkje alltid rett kompetanse i høve fag. Tilgang på barnehagelærar er også krevjande. Hausten 2025 er det gjeve dispensasjon i 200% på pedagognorm. Ved å drifte 4 barnehagar treng me fleire barnehagelærarar då alle barnehagar skal ha pedagogisk bemanning. Ei eventuell strukturendring vil frigjera pedagogiske ressursar. I lokal rekrutteringsordning har Tokke 6 personar som utdannar seg til barnehagelærar.

I kulturskulen er det krevjande å få rett kompetanse på grunn av mange små stillingar.

Det er elles blitt store krav til dokumentasjon, og arbeidet kring det psykososiale miljøet er meir krevjande enn før. Utviklinga viser fleire born og unge som treng særskilt oppfølging både i form av vaksentettleik/tryggleik og fagleg utvikling. Me opplever at borna er mindre regulerte enn tidlegare. Oppfølging og arbeid kring dette er krevjande å få til ut frå ordinære rammer.

Leiinga på den enkelte avdeling skal vise veg for kvalitet, utvikling, tryggleik og trivsel for både brukarar (born og unge) og tilsette. I dag brukar leiinga altfor mykje tid på drift og administrasjon i forhold til gode prosessar og utviklingsarbeid.

Nye tiltak

Planområde 2 – Oppvekst har ikkje lagt inn nye tiltak på grunn av krevjande situasjon kring innsparing i kommunen. Nokre tiltak ligg inne i investeringsplanen, medan Tokke skule må vente på prosess i høve «Ny Tokke skule». Eitt unntak er bemanning i Åmdals Verk barnehage frå haust 2026. Her kan det bli naudsynt å auke bemanninga med omlag 40% for å klare bemanningsnorma etter Udir. Prognosar viser ein auke på 3 - 4 born i barnehageåret 26/27. Barnetalet vil truleg gå ned att haust 2027 då 6 born startar i skulen.

Kostnad 40% assistent/fagarbeidar barnehageåret 26/27 (eittårig vedtak): kr 250 000,-

4.4 PLO 3 - Helse og omsorg

Tabell 4.4 - Dokumentasjon på ramme

Oversikt 2026-2029	Ps-nummer	Budsjett 2025	Rev bud. 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
3. Helse og omsorg		105 420	105 420	105 420	105 420	105 420	105 420
Politisk bevilga							
Førrige øk.plan - vedtak med endringar (netto)				-1 402	-1 452	-1 452	-1 452
Løyvingar 2025 utan vidareføring			114	0	0	0	
Sjukepleiarteam (foreslått tatt inn)			900	1 500	1 500	1 500	1 500
Konsekvensjusteringar:							
prosjekt 1133 inn i ramme				1 750	1 750	1 750	1 750
Konsulent 50% frå sentral adm				400	400	400	400
Barnevern til nytt planområde				-7 560	-7 560	-7 560	-7 560
HSU til nytt planområde				-120	-120	-120	-120
Studiestøtte fordelt frå Sentraladm.				750	750	750	750
Overført ramme, kostnad Alarmsentralen frå Teknisk			200	200	200	200	200
Auka pensjonskostnader KLP				1 515	1 515	1 515	1 515
Innsparingskatalog:							
Avslutte samarbeid med Rask Psykisk Helsehjelp				0	-600	-600	-600
Fullverdig deltaking i jordmorsamarbeidet i VT				-100	-100	-100	-100
Redusere 3 årsverk på institusjon				-2 700	-2 700	-2 700	-2 700
Stillingsreduksjon helsestasjon (50%)				-370	-370	-370	-370
Redusere stilling tilknytt COS-p frå 50-25%				-250	-250	-250	-250
Fjerne diabetessjukepleiar (20%)				-175	-175	-175	-175
Reduksjon kreftpoliklinikk (2 til 1 behandlingsdag)				-180	-180	-180	-180
Redusere 30% stilling i psykisk helse og rus				-225	-225	-225	-225
Oppseiing av lille BABU				-60	-60	-60	-60
Sei opp bilavtale (leasingbil) på Åheim				0	-120	-120	-120
Oppseiing av Veilederen				-60	-60	-60	-60
Reduksjon rådgjevar helse				-900	-900	-900	-900
Reduksjon av institusjonsplassar frå 28 til 24				-1 400	-2 700	-2 700	-2 700
Deflatorjustering ramme 3,5%				3 361	3 361	3 361	3 361
Kommunedirektørens forslag		105 420	106 634	99 394	97 324	97 324	97 324

Innsparingstiltak

Moglege konsekvensar av dei ulike tiltaka er beskrive under. Det er likevel viktig å peike på at ei justering av stillingar ikkje nødvendigvis fører til eit redusert tenestetilbod. Ved å ta i bruk nye digitale verktøy, og enklare rapporteringsrutinar, vil arbeidet kunne bli utført meir målretta og med same nivå av brukarfokus.

Avslutte samarbeid med Rask Psykisk Helsehjelp Vest-Telemark

RPH er eit svært godt førebyggjande tiltak for personar med lette til moderate psykiske plager. Å gå ut av samarbeidet kan føre til auka belastning på kommunale tenester som psykisk helse og rus og fastlege. Fleire interkommunale samarbeid er vegen å gå framover, så å gå ut av dette samarbeidet er uheldig. Dersom Tokke trekker seg ut vil det ha store konsekvensar for RPH og dei andre kommunane i samarbeidet. Her har talet på brukarar blitt sett opp mot kostnaden. Viser også til eiga uttale frå RPH. RPH har 1 års oppseiingstid.

Fullverdig deltaking i jordmorsamarbeidet i Vest-Telemark

Jordmor i Tokke er tilsett 40% i kommunen, og 60% i jordmorsamarbeidet. Ved fullverdig deltaking i samarbeidet er det tidligare berekna ei innsparing på om lag kr 100 000.

Redusere 3 årsverk på institusjon

Dette tiltaket forutset at me held fram med sjukepleiarteam som i dag. Tiltaket går ut på at sjukepleiar frå teamet bemannar korttidsavdelinga på dag og kveld, og kan på den måten gjeva ei innsparing på 3 årsverk (ca. 2.700.000). Ved å låse ein av sjukepleiarane til korttidsavdelinga blir bemanninga i teamet redusert, og sjukepleiarteamet blir meir sårbart. Tiltaket vert sett i verk frå 1.1.26.

Reduksjon helsestasjon (50%)

Tiltaket må sjåast i samanheng med bemanningssituasjonen på helsestasjonen. Stilling som ikkje går under kjernekompetansen på helsestasjon må på sikt løysast ved at oppgåver må fordelast på dei resterande tilsette.

Redusere arbeid med COS-p frå 50-25%

COS-p er eit godt tilbod til foreldre i kommunen. Ein reduksjon vil føre til at tilbodet blir redusert. Ansvar og kompetansen på COS-p er fordelt mellom fleire, og ikkje knytt til ein enkelt tilsett.

Fjerne diabetessjukepleiarstilling (20%)

Diabetessjukepleiar er ikkje lovpålagt, og er for tida vakant. Diabetessjukepleiar har bl.a. ansvar for oppfylgging og rettleiing av pasientar og pårørande, utføre kontrollar og prøvetaking, samt koordinering og samhandling med andre instansar. Å fjerne denne stillinga vil kunne føre til noko større belastning på fastlegane.

Reduksjon kreftpoliklinikk

Kreftpoliklinikken er eit samarbeid med Vinje kommune og Sjukehuset Telemark. Kreftpoliklinikken gjev behandling til ei svært sårbar pasientgruppe, som elles ville hatt lang reiseveg til behandling. Talet på pasientar og behandlingar som er henvist frå sjukehuset har blitt redusert kvart år sidan oppstart. Sjukehuset har i denne prosessen utført ei grundig kartlegging av aktuelle pasientar, og det er ikkje mogleg å auke talet på pasientar per i dag. Me er for tida i ein prosess med utarbeiding av ny samarbeidsavtale med 1 behandlingsdag i veka. Tiltaket vert difor sett i verk frå nyttår.

Reduksjon av 30% stilling i psykisk helse og rus

Det er for tida 5,3 årsverk ved psykisk helse og rus og ein reduksjon på 30% vil truleg i liten grad påverke det samla tilbodet i kommunen.

Oppseiing av lille BABU

Dette er ein liten leilegheit i BABU-huset som BABU Åheim har nytta til blant anna arbeid og pauserom. Tiltaket er sett i verk.

Ta vekk 1 bil på Åheim

Åheim har ein eigenfinansiert bil og 1 leasingbil. Det blir vurdert slik at dei kan klare seg utan leasingbilen. Denne må likevel gå ut leasingkontrakta (2027).

Seie opp Veilederen

Veilederen er eit program med mange ulike kurs og testar som blir nytta til å auke kompetansen til dei tilsette. Ved å seie opp dette mistar me tilgang til mange bra kurs. Alternativet er KS-læring, som me også har.

Generelle utfordringar i etaten

Dei mangeårige rekrutteringsutfordringane held fram. Særskilt problematisk er helsefagarbeidarar på institusjon og helsesjukepleiar på helsestasjonen. Kombinert med den ventande eldrebølga, skapar det store utfordringar og behov for å løyse oppgåvene på andre måtar i framtida.

Kommunen må handtere stadig sjukare og meir komplekse pasientar, som set store krav til dei tilsette sin

kompetanse. Det fører til eit kontinuerleg behov for utvikling av både kompetanse og tenester.

Avdelingsleiarane brukar all tid på dagleg drift, med turnusplanlegging, innleige av vakter o.l., og får lite tid til andre viktige oppgåver som utviklingsarbeid og oppfølging av tilsette.

Utgreiingar etter vedtak i kommunestyret 23.09.2025

1: Bakgrunn for utgreiinga er framlegg vedteke i Tokke kommunestyre 23.09.25:

Tokke kommunestyre ber administrasjonen i budsjettet om å legge fram sak om justering av talet på institusjonsplassar til mellom 20-24 plassar. I saka skal det vurderast om vi bør auke talet på kortidsplassar frå dagens 5 plassar til 8-10 plassar og redusere talet på langtids plassar tilsvarande. Ei justering av talet på institusjonsplassar bør gjerast over ei periode på 2-3 år. I saka bør det vurderast om heimesjukepleia bør styrkast dersom ein reduserer talet på institusjonsplassar.

Institusjon har i dag 28 plassar (5 korttid og 23 langtid), 8 plassar på avdeling A, 8 plassar på avdeling B, 7 plassar på avdeling C (skjerma avdeling) og 5 korttidsplassar. Frå nyttår blir avtala om KAD-plass i Vinje avslutta. Før sjukepleiarteam hadde institusjon 28 årsverk. Ved oppstart sjukepleiarteam vart 4,5 årsverk trekt ut, slik at det no er 23,5 årsverk att. Årsverk knytt til ressurskrevjande brukar (4,89) er ikkje med her. Institusjon har for tida ein ressurskrevjande brukar med 1:1 bemanning.

Grovt rekna så tenkjer me 1:4 bemanning på institusjon, så me må redusere minst 4 plassar før me kan redusere bemanning. Bemanning vil likevel alltid bli styrt av pleietyngde og oppgåvene som skal utførast, ikkje talet på pasientar. Ved å redusere med 4 plassar kan me i teorien redusere bemanninga med 1 dagvakt og 1 kveldsvakt, som vil gjeva ei innsparing på 3 årsverk (2.700.000). Det tyder ikkje nødvendigvis alltid at det er mogleg i praksis. Dersom reduksjon av plassar blir vedteke, og krava for å få tildelt sjukeheimplass aukar, vil pasientane på sjukeheimen vera enda meir pleietrengande og krevjande enn i dag, og kan krevje høgare bemanning.

Dekningsgrad i dei ulike scenarioa i ulikt år

SSBs landsdekkande undersøkjing frå 2022 viste at den gjennomsnittlege kommunen hadde dekningsgrad på 16,3%. Tabellen under viser dekningsgraden me vil ha ulike år med ulikt tal på sjukeheimplassar. I dag ligg me over landsgjennomsnittet. Ved å redusere til 24 plassar havnar me midt på snittet, medan med 20 plassar kjem me under. Tokke vil om få år få ein stor auke i talet på personar over 80 år, så allereie i 2030 vil me vera under gjennomsnittleg dekningsgrad med dagens 28 sjukeheimplassar.

År	Innbyggjarar over 80 år	28 plassar	24 plassar	20 plassar
2022	140	20%	17,4%	14,3%
2025	147	19%	16,3%	13,6%
2030	181	15,5%	13,3%	11%
2035	228	12,3%	10,5%	8,8%
2040	273	10,3%	8,8%	7,3%

Mnd/år	Plassar i bruk	Korttid/Langtid
01/25	26	3/23
02/25	25	3/22
03/25	25	4/21
04/25	23	4/19
05/25	25	5/20
06/25	27	6/21
07/25	26	7/19
08/25	25	6/19
09/25	26	6/20
10/25	25	3/22
01/24	25	6/19
08/24	24	5/19

Behov for korttids/langtidsplassar

Tabellen til venstre viser ein oversikt over talet på sjukeheimplassar og fordeling mellom korttid og langtid t.o.m. oktober 2025, og i januar og august 2024.

Administrasjonen ser ikkje at det er behov for å auke dagens 5 korttidsplassar til 8-10. Talet på korttidspasientar har gjennom året vore mellom 3 og 6. Talet på langtidsplassar i bruk har i år vore mellom 19 (då var avdeling A delvis stengd grunna ombygging) og 23. Med dagens tal på plassar klarer me å ta imot dei aller fleste pasientar som har behov for institusjonsplass – både korttid og langtid. Ved å redusere talet på plassar vil me i mindre grad lukkast med dette.

Avtalen mellom kommunane og STHF seier at pasientar som blir meldt til kommunen før kl. 14 på kvardagar skal takast imot av kommunen same dag. Dagens tal på plassar gjev rom for at det stort sett kan bli innfridd. Tokke må svært sjeldan ha utskrivingsklare pasientar som overliggarar på sjukehus. For mange andre kommunar er situasjonen ein heilt annan.

Kostnader

Opphald på kommunal akutt døgnplass (KAD) er kostnadsfritt for pasienten. Pris for korttidsopphald på sjukeheim er statleg regulert, og er i 2025 200 kr per døgn. Etter 60 dagar blir betaling tilsvarende langtidsopphald, uavhengig av om opphaldet framleis er eit korttidsopphald. Me får 60 døgn med betaling for korttidsplass i året, før det går over til langtidsbetaling. Frå nyttår får me nye 60 døgn med korttidsbetaling.

Ein korttidsplass i ein mnd. gjev kommunen inntekt på 6 000 kr (200 x 30 dagar). Fem korttidsplassar gjev inntekt på 30.000. 10 korttidsplassar gjev inntekt på 60.000. Tala forutset fullt belegg på plassane.

I september 2025 hadde Tokke kommune 424.000 i inntekter på brukarbetalingar på institusjon. Fordelt på dei 23 pasientane som betala for langtidsopphald, blir det i gjennomsnitt 18445 kr i eigenbetaling per pasient.

Rammetilskot

Det er grunn til å tru at ved fleire antal eldre i kommunen vil også rammetilskotet auke noko. Dette vil bidra til å finansiere delar av auken i sjukeheimplassar når det blir behov for det.

Auke bemanning i heimetenesta

Om me skal redusere institusjonsplassar og sjukare innbyggjarar skal bu heime, må bemanning i heimetenesta auke. Akkurat kor mange plassar som må leggst ned før det blir eit behov for auke i heimetenesta er vanskeleg å føreseie. For å gjeva innbyggjarane tenester av god kvalitet i heimen, er tilstrekkeleg bemanning og kompetanse avgjerande. Samtidig som bemanninga i heimesjukepleia må auke, må også viktige støttefunksjonar som yter praktisk bistand auke. Både heimhjelp og heimevaktmeister har viktige oppgåver for at heimebuande skal meistre kvardagen heime på ein forsvarleg måte.

Dagavdelinga er endå ein viktig bidragsytar for at innbyggjarar skal bu lenger heime. i dag er dagavdelinga open 4 dagar i veka, med 2 personal 2 dagar og 1 personal 2 dagar. Styrking av nattenesta vil også på eit tidspunkt bli naudsynt. Det er i dag 3 nattevakter fordelt på sjukeheim og omsorgssenter. Styrking av tildelingskontoret vil også vera viktig og er avgjerande om ein skal lykkast med å dreie tenestene meir mot heimebaserte tenester.

Fleire tilsette og pasientar gjev også fleire oppgåver til leiinga. Heimetenesta har ein avdelingsleiar i full stilling og ein assisterande avdelingsleiar i 40%. Me har i dag eit stort leiarspenn med ansvar for om lag 45 faste tilsette, og vikarar kjem i tillegg til det. Ein auke av assisterande avdelingsleiar er mogleg.

Konklusjon

Tokke kommune ligg i dag over den gjennomsnittlege dekningsgraden på 16,3%. Med den store auka i talet på eldre i åra framover, vil me før 2030 vera under gjennomsnittleg dekningsgrad med 28 plassar. Administrasjonen vil fram mot 01.07.26 arbeide for å midlertidig redusere talet på plassar på sjukeheimen frå 28 til 24, med same talet på korttidsplassar som i dag. KAD-plassen vil koma i tillegg til dei 24. KAD-plassen har heilt andre kriterier enn ein korttidsplass, og skal vera eit alternativ til sjukehusinnlegging. SSBs befolkningsframskriving viser ein stor auke av talet på eldre over 80 år i 2030 og framover. Me vil difor i budsjett og handlingsprogram frå 2029 legge inn vurdering om å auke sjukeheimplassar att. Om behovet for sjukeheimplassar før den tid blir større enn me har føresett, vil den vurderinga bli framskunda.

2: Tokke kommunestyre ber administrasjonen i budsjettet koma med framlegg til mogleg reduksjon av driftsnivået av bufellesskapet.

I planlegging og utforming av fagleg forsvarlege tenester til personar med utviklingshemming må kommunen legge inn premisser om at tenesta skal vare heile livet og at det vil skje endringar undervegs som forutset regelmessig vurdering og evaluering av den enkelte sitt tenestebehov.

Ressursbruk og bemanning

Alle brukarane som bur på Åheim bufellesskap har vedtak som er utarbeidd etter kartlegging og i samråd med fagpersonar rundt kvar enkelt brukar. Til saman har 8 tenestemottakarar om lag 600 vedtakstimar per veke. Det inkluderer også dagtilbod for to brukarar på BABU. Per no er har me om lag 558 arbeidstimar per veke med tilsetttressursar, utan fråtrekk for pauser. Det vil seie at det no er mindre bemanning enn behovet tilseier. På alle vedtaka står det «inntil x antal timar», då talet på timar vil variere frå veke til veke. Me tek difor eit gjennomsnitt reikna per veke gjennom heile året. Til dømes så har brukarar som har tilbod gjennom KVITO om lag sju veker fri i løpet av året. Då må Åheim bemanne opp. Det same gjeld dersom brukarane ikkje kan på arbeid grunna sjukdom eller anna.

Åheim har nokre brukarar som går under kategorien ressurskrevjande brukarar, og som har behov for 1:1 bemanning, og i nokre høve 2:1 bemanning. Ein kan ikkje samanlikne bemanning på bufellesskap for personar med utviklingshemming med bemanning på andre institusjonar, til dømes sjukeheim. Den nasjonale rettleiaren «Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming» seier tydeleg at kommunen skal sørge for at denne brukargruppa får individuelt tilrettelagte tenester. Bueiningane i bufellesskapet er brukaren sin heim.

Rettleiaren slår også fast at kommunen blant anna skal sørge for at dei har tilstrekkeleg personell med rett kompetanse, og det skal leggst til rette for ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon) når det er behov for det. Brukarane på Åheim er enkeltindivid med svært ulike ynskje og behov, som set store krav til dei tilsette sin kompetanse. Dei må ha god kjennskap til lovverk, målretta miljøarbeid, ASK, åtferdsanalyse og generell kunnskap om kva det inneber å ha diagnosen psykisk utviklingshemming.

BABU

Dagtilbodet BABU vart oppretta i 2017 etter ein lang prosess der mange andre alternativ vart prøva utan særskilt hell. Visjonen til BABU er at me vil vera synlege og til nytte i lokalsamfunnet, samstundes som at arbeidsoppgåvene fyrst og fremst skal vera meningsfulle og tilpassa brukarane. BABU har vore ein stor suksess som andre kommunar ser til og er nysgjerrige på.

Konklusjon

Det er mange faktorar som skal på plass for at tenestemottakar skal få eit fagleg forsvarleg tenestetilbod. Det handlar ikkje berre om oppbevaring, men om å leve eit så godt liv som mogleg. Denne brukargruppa er avhengig av personale som arbeider for at dei skal få eit meningsfullt liv.

Administrasjonen ser difor ikkje at det er mogleg å redusere driftsnivået på Åheim bufellesskap, med bakgrunn i at timar med tilsetttressursar allereie er lågare enn brukarane sine vedtakstimar. For å kunne redusere driftsnivået/

redusere bemanning må vedtaka kuttast monaleg og tenestene gradvis tilpassast nytt nivå. Ved årleg evaluering av vedtak om tenester for denne brukargruppa vil tildelingskontoret frå no ta større del av det arbeidet.

4: Tokke kommunestyre ber administrasjonen i budsjettet orientere litt nærare for kostnader for avdeling for psykisk helse og rus, talet på brukarar, kva for oppgåver som psykisk helsehjelp gjer mv.

Avdelinga sine oppgåver og organisering

Avdeling for psykisk helse og rus består av 5 årsverk med god tverrfagleg kompetanse. Avdelinga sine hovudoppgåver er å fremje psykisk helse, førebygge og behandle psykiske lidningar og utfordringar knytt til rus og psykisk helse. Me ser at det både er ein aukande pågang av pasientar og stadig meir komplekse problemstillingar å handtere.

I 2024 fekk til saman 195 pasientar oppfølging frå psykisk helse, der 54 av desse hadde behov for hjelp frå fleire instansar. Det vil seie at pasientane har komplekse og samansette behov, som tidvis krev store ressursar. Det er ein stor auke frå 2020. Den største delen av pasientgruppa vert henvist av fastlege. Mange som er i eit behandlingssløp får oppfølging over tid, ofte meir enn 10 samtaler. Nokon har behov for oppfølging over lang tid, og nokon treng tryggleiken som kontakt med psykisk helse kan gjeva over mange år. Behovet for hjelp og tenester frå avdelinga vert kontinuerleg vurdert.

2020	2021	2022	2023	2024
135 pasientar	156 pasientar	196 pasientar	188 pasientar	195 pasientar

Aldersgruppe	Menn 2024	Kvinner 2024	Totalt 2024	Totalt 2023
2024	14	25	39	29
2023	9	23	32	36
31-49 år	22	35	57	58
50-66 år	13	33	46	43
67-74 år	1	6	7	8
75-79 år	0	10	10	9
80-89 år	1	4	5	5
Totalt	59	136	195	188

Avdelinga yter både lågterskeltenester og vedtaksbaserte tenester. Uavhengig av teneste så har avdelinga kort ventetid (1-2 veker), er gratis og tilgjengeleg for alle. Dersom behovet for hjelp er forventa meir langvarig og/eller omfattande skal det fattast enkeltvedtak.

Det vert alltid utført ei kartleggingssamtale ved fyrste møte med pasienten, for å avdekke pasientens behov for bistand. Psykisk helse tilbyr tenester og utfører oppgåver som til dømes samtalebehandling, samtalegrupper, miljøterapi individuelt og i grupper, oppfølging av pårørande, bustadsosialt arbeid, koordinering av tenester med andre instansar og spesialisthelsetenesta, psykososialt kriseteam, sorgarbeid, oppfølging av menneske som strevar med rus, oppfølging og barn og unge og arbeid med sjølvmoordsførebygging.

Psykisk helse og rus gjennom 2025 utarbeidde ein strategiplan. Meir utfyllande informasjon om avdelinga, oppgåvene og utvikling framover finst i planen.

Kostnader

Psykisk helse og rus har eit lønsbudsjett på 4,3 mill. og øvrig driftsbudsjett på 1,85 mill. Avdelinga har lite vikar-utgifter grunna krav til kompetanse hjå dei tilsette. Utgifter til drift inkluderer blant anna kostnader til RPH, Kvito, husleige BABU m.m.

Rask Psykisk Helsehjelp (RPH) hadde i 2024 om lag 27 brukarar frå Tokke. Var dette enkeltbrukarar eller inkluderer det også gruppesamlingar? Kor mange timar med konsultasjon fekk dei 27 brukarane til saman i 2024? Kor mange brukarar har vore i kontakt med Rask Psykisk Helsehjelp i 2025 og kor mange timar konsultasjon har dei fått?

Administrasjonen sende førespurnaden frå kommunestyret vidare til avdelingsleiar for RPH Vest-Telemark, Eva Margrethe Ellingsen, og under følgjer svaret frå RPH.

Bruk av RPH-tilbodet (Rask psykisk helsehjelp) i Tokke kommune:

2024

Totalt 21 personar tok kontakt med RPH. 17 av desse fekk eit tilbod frå RPH:
8 personar fekk individuelt tilbod. 9 personar deltok på kurs eller i gruppetilbod.

Totalt antal konsultasjonstimar: 107,5 timar

2025 (01.01–30.09)

Totalt 29 personar tok kontakt med RPH. 24 av desse fekk eit tilbod frå RPH:
6 personar fekk individuelt tilbod. 18 personar har delteke på kurs eller i gruppetilbod.
For 4 av dei som fekk individuelt tilbod pågår framleis behandling, og endeleg statistikk er ikkje klar.

Dette tyder at timetalet under berre omfattar dei som har avslutta behandling.

Dersom ein berre reiknar avslutta tilbod innan RPH (inklusive individuelle timar, kurs og gruppetilbod), utgjer det til saman 151 konsultasjonstimar til no. Dette talet inkluderer ikkje deltaking på Tankevirus-kurset som er avtalt på Vest-Telemark vidaregåande skule i oktober, og heller ikkje minikurset om stress og stressmeistring ved Vest-Telemark vidaregåande skule i september.

I oktober skal me halde eit nytt Tankevirus-kurs på VG1 Helse ved Vest-Telemark vidaregåande skule. Me har pr. i dag ikkje fått tilbakemelding om kor mange av desse elevane som er busett i Tokke.

I september vart det gjennomført eit minikurs om stress og stressmeistring ved Vest-Telemark vidaregåande skule for 200 elevar og 10 lærarar. Fleire av elevane er busett i Tokke, men me har ikkje oversikt over kor mange som er frå kommunen.

Desse tala må sjåast i samanheng med oppbyggingsfasen av tilbodet. Ei nærare forklaring følgjer under.

Korleis tala skal lesast

Tala frå 2024 og delar av 2025 syner ein tydeleg auke i bruk av RPH i Tokke kommune. Dette heng saman med at tilbodet har vore i oppbyggingsfasen, og samsvarar med erfaringar frå andre kommunar, der det normalt tek minst tre år å etablere eit fullverdig tilbod og skape kjennskap blant innbyggjarar og samarbeidspartnarar.

Me har bruka mykje tid på å etablere samarbeid med fastlegar, psykisk helseteneste, helsestasjon, fysioterapi og friskliv. Erfaringane frå Tokke syner at det tek litt meir tid å få på plass rutinar for formidling av tilbodet og informasjonsflyt, noko som er vanleg når ein byggjer opp eit nytt tilbod. Dette tyder ikkje at behovet i kommunen er mindre, men at vegen inn til tilbodet har vore meir krevjande å etablere. Når tilbodet først får fotfeste, viser erfaringa at innbyggjarane sjølv bidreg til vidare rekruttering gjennom eigne nettverk.

Tala må difor lesast som eit uttrykk for kor langt vi har kome i oppbygginga av tilbodet, og ikkje som eit mål på det faktiske behovet i befolkninga.

4.5 PLO 4 - Plan, næring og kultur

Tabell 4.5 - Dokumentasjon på ramme

Oversikt 2026-2029	Ps-nummer	Budsjett 2025	Rev bud. 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
4. Plan, næring og kultur		25 454	25 454	25 454	25 454	25 454	25 454
Politisk bevilga:							
Forrige øk.plan - vedtak med endringer (netto)				-1 017	-1 637	-1 637	-1 637
Løyvingar 2025 utan vidareføring			2 487				
Konsekvensjusteringar:							
Seniorrådgjevar frå Sentraladministrasjon				1 335	1 355	1 335	1 335
Overført ramme konsulent teknisk			-400	-400	-400	-400	-400
Auka pensjonskostnader KLP				180	180	180	180
Innsparingskatalog:							
Auke inntening Tokkebadet og Tokkegym				-100	-100	-100	-100
Auke inntening på gebyr oppmåling og byggesak				-50	-50	-50	-50
Avvikle tilskot "Motormanuell hogst"				-200	-200	-200	-200
Avvikle beitetilskot for geit				-100	-100	-100	-100
Redusere årsverk på biblioteket				-1 300	-1 300	-1 300	-1 300
Redusere eit årsverk - verknad frå 2027				0	-1 000	-1 000	-1 000
Deflatorjustering ramme 3,5%				833	833	833	833
Kommunedirektørens forslag		25 454	27 541	24 635	23 035	23 015	23 015

Innsparingstiltak

Det er hovudsakleg 3 måtar å drive innsparing på plan, næring og kultur-etaten. Det er å redusere tilskot, auke inntening eller redusere stillingar på etaten. I budsjett for 2026 er det føreslege litt av alle innsparingsmetodene.

Kutt i tilskot

Kutt i tilskot er føreslege for "motormanuell hogst" og beitetilskot til geit på Tangane og Skafsåberget. Tømmerprisane er svært gode for tida og eit ekstra kommunalt tilskot er ikkje naudsynt. Det siste året har det og vore nokre store hogstar som har fått mykje av tilskots- potten. Det viser kanskje at tilskotet ikkje går til småhogstar i gardsskogbruket, men at me støttar drifter som er store og konkurrerer med dei profesjonelle.

Beiting

Beiting med geit på Tangane har vore eit svært godt tiltak for å halde vegetasjonen nede. Om me tek vekk dette så er det fare for attgroing og at me må rydde maskinelt.

Prisauke

Me kan auke prisane i Tokkebadet og Tokkegym for å auke innteninga. Me har relativt låge prisar samanlikna med nabokommunane og private tilbod. Prisauke vil nok ikkje ha negativ verknad.

Gebyr

Det er og mogleg å auke gebyr eller ta betala for tenester me ikkje har gebyr på i dag. Me har ikkje byggesaksgebyr på bygging av einbustadar i Tokke i dag. Det er nok ikkje avgjerande for husbygginga i kommunen om me ikkje har byggesaksgebyr. Her er det lett å auke gebyrinntektene noko.

Nedbemanning

Det er nedbemanning og å få kutta i lønsutgifter som gjer størst verknad på kostnadane.

I samband med naturleg avgang er det føreslege å spare inn 1,3 stillingar ved etaten. Det er mykje på ei lita avdeling med berre 12 tilsette. Det vil bli redusert frå 2,8 til 1,5 stillingar ved biblioteket. På biblioteket må me prioritere hardt med omsyn til arbeidsoppgåver som blir gjort. Me må kanskje redusere på ytingar eller opningstider.

Generelle utfordringar i etaten

Dei største utfordringane er å oppretthalde eit godt tenestetilbod når me må redusere på stillingar. Det er svært viktig å halde på ei kompetent og stabil arbeidskraft i avdelinga. Det er kostbart å drive med utlysing etter medarbeidarar og opplæring av dei.

Skildring av eventuelle nye tiltak som er ynskjelege

I 2025 arrangerte Tokke kommune ei konferanse for næringslivet i Vest-Telemark som vart kalla "Skaparkraft". Dette var veldig vellukka med gode føredragshaldarar og godt oppmøte. Dette bør me vidareføre.

Det er naudsynt å vedlikehalde klatreveggen i Tokkehallen. Me har hatt tilsyn/kontroll og det er naudsynt å vedlikehalde klatreveggen.

Politiet hadde tidlegare i år tilsyn med skytebanen i Tokkehallen. Det vart avdekt avvik på døra inn til lokalet. Det må setjast inn ny sikringsdør som oppfyller krava i lov og forskrift.

4.6 PLO 5 - Teknisk

Tabell 4.6- Dokumentasjon på ramme

Oversikt 2026-2029	Ps-nummer	Budsjett 2025	Rev bud. 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
5. Teknisk		28 800	28 800	28 800	28 800	28 800	28 800
Politisk bevilga:							
Forrige øk.plan - vedtak med endringer (netto)				-850	-850	-850	-850
Løyvingar 2025 utan vidareføring			245				
Konsekvensjusteringar:							
Sjølvkost VARF til nytt planområde				5 807	5 807	5 807	5 807
LMT til nytt planområde				-127	-127	-127	-127
Ovetrført ramme konsulent frå PNK			400	400	400	400	400
Overført ramme, kostnad Alarmsentralen til HO			-200	-200	-200	-200	-200
Auka pensjonskostnader KLP				438	438	438	438
Innsparingskatalog:							
Effekt av ENØK-investeringar				-100	-350	-350	-350
Redusere intervall på vasking av areal.				-400	-600	-600	-600
Leigeinntek frå foreningar/lag				-50	-50	-50	-50
Leigeinntekter kommunale bygg				-350	-400	-400	-400
Leige til eige				-30	-30	-30	-30
Gjennomgang av programvare/lisensar				-50	-50	-50	-50
Reduksjon utstyr i utleigeboligar				-30	-50	-50	-50
Stenge ned enkelte bygg om sommaren.				-150	-150	-150	-150
Redusere tal på stillingar i planområde 5				-1 400	-2 000	-2 000	-2 000
Administrative tiltak				-200	-400	-400	-400
Inntekt justeringsavtale GS-veg Vistadmoen				-200	-200	-200	-200
Deflatorjustering ramme 3,5%				1 096	1 096	1 096	1 096
Kommunedirektørens forslag		28 800	29 245	32 404	31 084	31 084	31 084

Innsparingstiltak

Innleiing og vedtak

I vedtaket til sak 59/2025 bad Tokke kommunestyre om at administrasjonen i budsjettframlegget for 2026 skulle koma med konkrete forslag til reduksjon av driftsnivået innan planområde 5 Teknisk, med fylgjande føringar: "Det bør sjåast på stillingar innanfor teknisk drift, utbygging, vedlikehald og reinhald, utgifter til maskiner og maskinplan. Framlegget til reduksjon skal skje utan å avhende fast eigedom. Det bør og vurderast å justere modellen for reinhald for ulike kategoriar bygg, slik at ein kanskje kan gjera reinhald i nokre bygg/delar av bygg med redusert frekvens."

Som bakgrunn viste kommunestyret til at budsjettet for planområdet har auka frå ca. 19 mill. kr i 2017 til 33 mill. kr i 2023, ein vekst på 10 mill. kr utover prisjustert nivå. Samstundes har talet på årsverk auka frå 33 til 42 i same perioden.

Generelle utfordringar i etaten

Kostnadsutvikling

Teknisk etat har ein kostnadsvekst som overstig kommunal deflator, særskilt på FDV og tenestekjøp. Dette gjev eit gap mellom faktisk behov og tildelt ramme, sjølv før det blir snakk om ytterlegare kutt.

Arealvekst og tenesteportefølje

Sidan 2017 har arealet Teknisk ansvar for auke med over 12 %, samstundes som fleire oppgåver er tekne inn i eigenregi (overgang frå tenestekjøp til eigne tilsette). Dette fører til både fleire lønskostnader og behov for utstyr og materiell.

Rekruttering og kompetanse

Fleire av dei kritiske fagstillingane i Teknisk (VA, byggdrift, vedlikehald) er vanskelege å rekruttere til. Samstundes har kommunen ei aldrande bygningsmasse og mange krav knytt til tilsyn, dokumentasjon og HMS.

Tiltak og konsekvensar for 2026

Administrasjonen har identifisert desse tiltaka:

Stillingar og organisering

- Gjennomgang av alle stillingar innan drift, vedlikehald og maskinbruk
- Vurdering av omfang og bemanning i utbyggingsprosjekt og eigedomsforvaltning
- Oppmoding om å redusere lønsutgifter gjennom naturleg avgang og ikkje-opptnemningar

Reinhald – justert frekvens og areal

- Innføring av differensiert reingjeringsmodell per byggkategori
- For enkelte bygg (lager, bodar, teknisk areal, delar av tomme skulebygg) kan me vurdere ei gong i veka eller periodevis reingjering i staden for dagleg
- Det er eit potensiale for å redusere 2–3 årsverk over tid, avhengig av valde frekvensar og areal.

Maskinplan og utstyrsforbruk

- Reduksjon i planlagde maskininncjøp og vurdering av utsett investering/samarbeid med nabokommunar
- Strammare rutinar for forbruksmateriell og kjøp av reservedelar

Driftsareal og opningstid

- Vurdering av mellombels stenging av areal som ikkje er i aktiv bruk (t.d. lagerareal, delar av skulebygg, einskilde kontor)
- Potensial for redusert straum, reinhald og FDV-kostnader.

Vedlegg 1

Gebyr og prisar

PLO 2: Oppvekst

Kostnad for barnehageplass		
	2025	2026
Plass	Pris	Pris
5 dagar i veka (100 %)	kr 700	kr 700
4 dagar i veka (80 %)	kr 560	kr 560
3 dagar i veka (60 %)	kr 420	kr 420
Betaling for kost:	kr 20 pr dag	kr 25 pr dag

2025: Det er 50 % syskenmoderasjon for barn nummer to. Frå og med barn nummer tre er plassen gratis.

2026: Det er 30% syskenmoderasjon for barn nummer to. Frå og med barn nummer tre er plassen gratis (etter lovkrav).

Dersom maksprisen (700,- per mnd) er høgare enn 6 % av den samla inntekta til hushaldninga, så kan det søkjast om redusert betaling. Har hushaldninga ei samla inntekt under 4G (kr. 496 112,-) kan det søkjast om friplass. Alle 2, 3, 4 og 5 –åringar som bur i hushaldning med samla inntekt under kr 669 050,- kan søkje om gratis kjernetid. Søknadsskjema er i Visma Barnehage.

Skulefritidsordning		
	2025	2026
SFO	Pris	Pris
Fast tilbod	29,- pr. time	35,- pr time
Kjøpetime (ikkje fast tilbod)	47,- pr. time	60,- pr time
Kjøpedagar i feriar	200,- pr. dag	240,- pr. dag
Betaling for kost: (eit måltid i veka)	kr 20 pr veke	kr 30 pr veke

2025: Det er 50 % syskenmoderasjon for barn nummer to. Frå og med barn nummer tre er plassen gratis.

2026: Det er 30% syskenmoderasjon for barn nummer to. Frå og med barn nummer tre er plassen 50%.

(Syskenmoderasjon er ikkje lovpålagt i skulefritidsordninga)

Haust- og vinterferie er med i det vanlege tilbodet utan ekstra betaling.

Foreldre kan kjøpe ekstra dagar til dagspris i jule, påske og skulesummarferie. Påmeldinga er bindande og dannar grunnlag for fakturering. Ein skal betale for heile dagar i feriane.

Kulturskule		
	2025	2026
Timar og utstyr	Pris	Pris
Enkelttimar (30 min)	kr 3407 pr. år (kr 1703 pr. halvår)	kr 3407 pr. år (kr 1703 pr. halvår)
Gruppetimar 3-4 elevar pr. gruppe (45 min)	kr 1789 pr. år (kr 895 pr. halvår)	kr 1789 pr. år (kr 895 pr. halvår)
Gruppetimar stor gruppe (dans, visuell kunst, kor)	kr 1030 pr. år (kr 515 pr. halvår)	kr 1030 pr. år (kr 515 pr. halvår)
Leige av instrument	kr 400 pr. semester	kr 400 pr. semester

(NB! Den enkelte må forsikre instrumentet – innboforsikring)

Syskenmoderasjon:

2025: Det er 50 % syskenmoderasjon for barn nummer to eller fleire.

2026: Det er 50 % syskenmoderasjon fro barn nummer to eller fleire.

Born med fleire tilbod:

2025: Full pris på fyrste tilbod, deretter 25% rabatt på påfølgjande tilbod.

2026: Full pris på alle tilbod ein deltek på.

	2025	2026
Vaksne (over 18 år): 30% pristillegg	Pris	Pris
Enkelttimar (30 min)	kr 3614 pr. år (kr 1807,- pr halvår)	kr 4337 pr. år (kr 2168,- pr halvår)
Gruppetimar 3-4 elevar pr. gruppe (45 min)	kr 1896 pr. år (kr 948,- pr halvår)	kr 2275 pr. år (kr 1137,- pr halvår)
Stor gruppe, kor m.m.	kr 1092 pr. år (kr 546,- pr halvår)	kr 1318 pr. år (kr 659,- pr halvår)

PLO 3: Helse

Omsorg

EIGENBETALINGSSATSAR FOR HELSE OG OMSORGSETATEN PR. 01.01.2025

Den einssilde si betaling er stigande etter inntekt (f.o.m. GR 1 t.o.m. GR 4) inndela etter folketrygda sitt grunnbeløp slik (1 G = kr 130 160 pr 01.05.25):

GR 1 = 0 – 2 G (dei som tener inntil kr 260 320,-)

GR 2 = 2- 3 G (dei som tener inntil kr 390 480,-)

GR 3 = 3 – 4 G (dei som tener inntil kr 520 640,-)

GR 4 = over 4 G (dei som tener over kr 520 640,-)

Type teneste		GR 1	GR 2	GR 3	GR 4
Abonnement heimehjelp	Pr. mnd	240	777	1567	2572
Timepris heimehjelp	Pr. time	96	180	238	356
Leige tryggleiksalarmer *	Pr. mnd	401	401	401	401
Heimevaktmeistartenester	Pr. oppdrag	233	233	233	233
Dagopphald	Pr. dag	115	115	115	115
Korttidsopph. sjukeheim/omsorgss.	Pr. døgn	200	200	200	200
Middag m/dessert	Pr. måltid	116	116	116	116
Middag u/dessert	Pr. måltid	96	96	96	96
Middag halv porsjon	Pr. måltid	54	54	54	54
Frukost/kvelds	Pr. måltid	61	61	61	61
Havresuppe	Pr. måltid	26	26	26	26
Suppe/graut	Pr. måltid	50	50	50	50
Kaffi/kake	Pr. måltid	26	26	26	26
Abonnement alle måltid	Pr. mnd.	5072	5072	5072	5072
Leige vaskemaskin/vask av tøy	Pr. mnd.	317	317	317	317

*Personar som oppfyller krav til tryggleiksalarm betalar ikkje for tenesta. Personar som får avslag, men som likevel ynskjer tryggleiksalarm betalar.

Husleigekontraktar i Helse- og omsorgsetaten:

Omsorgsbustader v/Tokke omsorgssenter, inkl. straum og kabel tv	kr 5644,-/mnd. (Ekstra rom kr 698/mnd)
Omsorgsbustader avd. J, inkl straum og kabel tv	kr 6110,-/mnd
Omsorgsbustader Dalen og Høydalsmo	kr 5117,-/mnd, eks. straum
Omsorgsbustader Dalen (nye)	kr. 7665,-/mnd eks. straum
Åheim bufelleskap	2 stk 5117,-/mnd, 2 stk 4473,-/mnd, 3 stk 4935,-/mnd

PLO 4: PNK

Konsesjon og deling		
	2026	2025
	Pris kr.	Pris kr.
Konsesjon med administrativ handsaming	2 000	2 056
Konsesjon med politisk handsaming	5 000	5 140
Delingssaker etter jordlova §12	2 000	2 056

Plan- byggesak og utsleppssaker			
Pkt 1.0	Reguleringsplanar	Pris kr.	Pris kr.
Pkt 1.1	Handsaming av nytt planforslag, krav om planprogram	31 521	32 404
	Tillegg pr tomt over 20 tomter	791	813
Pkt 1.2	Handsaming av nytt planforslag	23 526	24 185
	Tillegg pr tomt over 20 tomter	791	813
Pkt 1.3	Endring av plan som som krev høyring jf Pbl § 12-14	16 885	17 358
Pkt 1.4	Mindre vesentleg endring av plan jf Pbl § 12-14	4 705	4 837
Pkt 2.0	Dispensasjonar		
Pkt 2.1	Disp som krev og politisk handsaming	7 870	8 090
Pkt 2.2	Mindre disp byggjereglar, adm handsaming	3 123	3 210
	Gebyr for handsaming for saka fyljer i tillegg		
Pkt 3.0	Tiltak jf Pbl § 20-1		
Pkt 3.1	Nybygg fritidsbustad/hytte inntil 80 m2 BYA	12 492	12 842
	Nybygg fritidsbustad/hytte over 80 m2 BYA	25 223	25 929
Pkt 3.2	Søknadspålytende tiltak	12 492	12 842
	Søknadspålytende tiltak låg sats	6 246	6 421
Pkt 3.3	Søknadspålytende små tiltak som riving, bruksendring, skilting og midlertidige tiltak, endringsløyve.	3 123	3 210
Pkt 4.0	Tiltak jf Pbl § 20-4		
Pkt 4.1	Mindre tiltak som kan utførast av tiltakshavar	3 123	3 210
Pkt 4.2	Landbruksbygg BRA/BYA > 200 m2 jf Pbl 20-4 b	6 246	6 421
Pkt 5.0	Godkjenning av føretak jf Pbl § 22, SAK § 9-1		
Pkt 5.1	Lokal godkjenning av ansvarsrett	1 592	1 637
Pkt 6.0	Utsleppsløyve		
Pkt 6.1	Etter forurensingsforskrifta kap 12 (0-50 pe)	12 492	12 842
Pkt 6.2	Etter forurensingsforskrifta kap 12 (Gråvatn)	6 246	6 421
Pkt 6.3	Etter forurensingsforskrifta kap 14 (50-2000 pe)	25 223	25 929
Pkt 7.0	Ferdigattest/bruksløyve		
	Ferdigattest jf Pbl § 21-10	0	0
Pkt 8.0	Avslag på søknad	50% gebyrreduksjon	

I saker som er lite arbeidskrevjande kan det vurderast å gjeva inntil 50% gebyrreduksjon.

Betaling skjer etter dei satsar som gjeld på det tidspunktet fullstendig søknad ligg føre.

Satsane kan regulerast kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

Oppmåling			
Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lova § 32, forskrifta § 16)			
Pkt. 1.1	Oppretting av matrikkeleining	Pris kr.	Pris kr.
	1.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunnareal		

	Areal frå 0 - 2000 m2	20 610	21 187
	Areal frå 2001 m2 - auke pr påyrja da	1 707	1 755
	Der markarbeid ikkje er påkrevd, utløyser det halvt gebyr		
Pkt. 1.1.2	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn		
	Pr sak uansett areal	4 684	4 815
Pkt. 1.1.3	Oppmåling av uteareal på eigarseksjon		
	Gebyr for oppmåling av uteareal pr eigarseksjon		
	Areal frå 0 - 2000 m2	15 470	15 903
	Areal frå 2001 m2 - auke pr påyrja da	1 707	1 755
	Seksjonering/reseksjonering		
	Opptil 6 seksjonar	5 892	6 057
	Over 6 seksjonar	9 369	9 631
	Ved synfaring kjem eit tillegg på	2 352	2 418
Pkt. 1.1.4	Oppretting av anleggseigedom		
	Gebyr som for oppretting av grunneigedom		
	Volum frå 0 - 2000 m3	7 620	7 833
	Volum frå 2001m3 - auke pr påyrja 1000 m3	895	920
Pkt. 1.1.5	Registrering av jordsameige		
	Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige blir fakturert etter medgått tid, basert på 1,2 promille av årsløn		
Pkt. 1.2	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning		
	Viser til 1.1.1, 1.1.2, 1.1.4 og 1.1.5.	4 684	4 815
	I tillegg kan det koma tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning		
Pkt. 1.2.1	Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering		
	Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før ho er fullført, må avvisast, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, er sett til 1/3 av gebyrsatsane etter 6.1 og 6.2		
Pkt. 1.3	Grensejustering		
	1.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige		
	Ved gebyr for grensejustering, kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller ernbaneformål kan andre arealklassar gjelde		
	Areal frå 0 - 500 m2	10 305	10 594
Pkt. 1.3.2	Anleggseigedom		
	For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er sett til 1000 m³		
	Volum frå 0 - 250 m3	3 841	3 949
	Volum frå 251 - 1000 m3	7 620	7 833
Pkt. 1.4	Arealoverføring		
	1.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige		
	Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål		
	Areal frå 0 - 500 m2	15 052	15 473
	Arealoverføring pr nytt påyrja 500 m2 medfører auke av gebyret på	832	855

Pkt. 1.4.2	Anleggseigedom		
	For anleggseigedom kan volum som skal overført fra ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vera registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan kun overført til ei matrikkeleining dersom vilkåra for sammenføring er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum		
	Volum frå 0 - 500 m3	5 017	5 157
	Volumoverføring pr nytt påbyrja 500 m2 medfører auke av gebyret på	500	514
Pkt. 1.5	Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning		
	For inntil 2 punkt	5 017	5 157
	For overskytande grensepunkt pr punkt	500	514
Pkt. 1.6	Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt/ klarlegging av rettar		
	For inntil 2 punkt	10 305	10 594
	For overskytande grensepunkt pr punkt	1 030	1 059
	Gebyr for klarlegging av rettar blir fakturert etter medgått tid		
Pkt. 1.7	Privat grenseavtale		
	For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	1 707	1 755
	For kvart nytt punkt eller påbyrja 100 m grenselengde	177	182
	Det blir valt billigaste alternativ for rekvirent		
Pkt. 1.8	Urimeleg gebyr		
	Dersom gebyret openbart er urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn og det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den han/ho har gjeve fullmakt til av eige tiltak fastsette eit passande gebyr. Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsette eit redusert gebyr		
Pkt. 1.9	Betalingsstidspunkt		
	Gebyret kan krevjast inn forskotsvis		
Pkt. 1.10	Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka		
	Gjer rekvirenten under sakas gang endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, ppretthaldast likevel gebyret.		
Pkt. 1.11	Utføring av matrikkelbrev		
	Matrikkelbrev inntil 10 sider	312	321
	Matrikkelbrev over 10 sider	603	620
	Endring i maksimalsatsane regulerast av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga		
Pkt. 1.12	Gebyr rekna ut etter medgått tid		
	Gebyr for oppmålingsarbeid som ikkje kan fastsetjast ut frå reglane over, skal reknast ut etter medgått tid, timepris som svarar til 1,2 promille av brutto årslønn for den som utfører arbeidet i tillegg til kostnader med reise og eventuelt merkemateriell.		
Pkt. 1.13	Statlege gebyr og avgifter		
	Tinglysingsgebyr og eventuelle dokumentavgifter kjem i tillegg til alle kommunale gebyr		
Pkt. 1.14	Regulering av gebyrsatsar		
	Satsane vert kvart år regulert etter Statens kartverks indekstal for kart- og oppmålingsarbeid. Jamfør rundskriv frå skattedirektøren til skatteinspektørane dagsett 06.03.1970.		

Symjehall, Tokkegym og Tokkehall

Symjehall	2025	2026
Born/ skuleungdom	25	30
Honnør	25	30
Vaksne .	40	50

Årskort/sesongkort

Born/skuleungdom: kr 550,- (kr 300,- for ½ sesong, haust eller vår)

Honnør: kr 700,- (kr 400 for ½ sesong, haust eller vår)

Vaksne: kr 1100,- (kr 600 for ½ sesong, haust eller vår)

Familie: (vaksne + barn t.o.m. 15 år) kr 2200 (kr 1200 for ½ sesong, haust eller vår)

Tokkegym	2025	2026
1 mnd kr. 100,-		100
6 mnd kr. 300,-		600
12 mnd kr. 600,-		1000
Nykkeltkort kr. 50,-		

Tokkehallen		
Rom	kr pr time	1 kveld/ dag inntil 12 t
Leige av hallsone m/garderobar - bedrifter/ privat/ lag utanfor kommunen	kr 300,-	
Leige heile hallen m/garderobar - bedrifter/ privat/ lag utanfor kommunen	kr 600,-	kr 2500,-
Leiga av hall til festar/ inntektsgjevande arrangement		kr 4000,-
Leige spinningrom bedrifter/ privatpersonar	kr 200,-	
Leige styrkerom (utanom ordinære opningstider)	kr 200,-	
Leige fotballbane med garderobar (lag utanfor kommune/ bedrifter)	kr 400,-	kr 1500,-
Ved ekstra bruk av ekstra vaktmeister/ reinhald	kr 1000,-	

Samfunnshus og grendehus

Alle leigepriser gjelder for 1 kveld/ dag. Leige utover 1 dag må avtalast i kvart einskild tilfelle. Rigging og nedrigging ved t.d.bryllup eller arrangement som krev dette kan gjerast 1 dag i forkant/ etterkant dersom det er praktisk utan ekstra leige. Dette må avklarast med kommunen på førehand.

All utleige skjer kun ved atterhald om ledig tid.

Huset skal leverast rydda og klargjort for finvask. Ekstra vask pga urimeleg fakturerast kr 1000,-/ time.

Utleigeprisar ved Tokke kulturhus

Type	Pris	Anna
Sal (Gullbjørgsalen) m/ kjøken	kr 3500,-	
Gygreburet inkl kjøkken oppe	kr 400,-	
Heile huset utanom basseng (seminar, bursdag, bryllaup mm.)	kr 4000,-	
Festar/ inntektsgjevande arrangement	kr 5000,-	
Basseng	kr 1000,-	time (5 til 12 t kr 4500,-)
Ved ekstra bruk av ekstra vaktmeister/ reinhald	kr 1000,-	per time

Utleigeprisar ved Åmdalsverk

Type	Pris	
Sal	Kr 800,-	
Treningsrom	Kr 600,-	
Kun garderobe ved inngang nede	Kr 300,-	
Heile huset (inkl garderobe, kjøkken, sal, møterom)	Kr 3000,-	
Tillegg for bruk av kjøkken oppe*	Kr 300,-	
*)ved leige av heile huset er dette inkludert i prisen.		

Utleigeprisar ved Høydalsmo

Type	Pris	
Sal	Kr 800,-	
Møterom	Kr 600,-	
Kun garderober	Kr 300,-	
Heile huset (samfunnsdelen + garderober)	Kr 3000,-	
Basseng (Må søkje kommunen om dette. Krev godkjent badevakt.)	Kr 1000,-/time	
Tillegg for bruk av kjøkken*	Kr 300,-	
*)ved leige av heile huset er dette inkludert i prisen.		

Utleigeprisar ved Elvarheim

Kun sal opp som kan leigast ut. NB - kun alkoholfrie arrangement.

Type	Pris	
Utleige sal oppe	Kr 600,-	
Inntektsgjevande arrangement	Kr 2500,-	
Bursdagar	Kr 1500,-	

Utleigeprisar ved Skafså grendehus.

Type	Pris	
Sal	Kr 600,-	
Møterom	Kr 300,-	

PLO 5: Teknisk (VARF)

Varenr	Varenavn	Enhet	Enhetspris	eks mva	Endring
			2025	2026	
Avløp					
10715	Kloakkabonement	Stk	5 348,00	5 883,00	10 %
10720	Kloakkforbruk, bustad	M³	39,38	43,32	10 %
10725	Kloakkabon. hytte Hallbjønn Sør	Stk	7 316,00	8 048,00	10 %
10730	Kloakkforbruk, hytte Hallbjønn Sør/Vest	M³	39,38	43,32	10 %
10735	Kloakkabon. hytte Hallbjønn Vest	Stk	5 560,00	6 116,00	10 %
10740	Tilknytningsgebyr, kloakk Hallbj. Vest	stk	49 420,00	49 420,00	0 %
Feiing					
10585	Feiing	Stk	194,00	194,00	0 %
10587	Feiing/tilsyn 1 pipe Fritidb.	stk	388,00	388,00	0 %
10590	Tilsyn pipe/eldstad	Stk	194,00	194,00	0 %
Renovasjon					
10401	Renovasjon standard	Stativ.	3 144,00	2 676,00	-15 %
10402	Renovasjon m/heimekomp	Stativ	2 356,00	2 008,00	-15 %
10403	Renovasjon Mini	Stativ.	2 200,00	1 873,00	-15 %
10405	Renovasjon utl.hybel	Stativ	2 200,00	1 873,00	-15 %
10411	Renovasjon standard	Kontainer	3 144,00	2 676,00	-15 %
10464	Fritak renovasjon, hytte	stk	2 546,00	2 164,00	-15 %
Slam					
10800	Slamtømming årleg	stk	2 768,00	2 768,00	0 %
10805	Tett tank, grunnpris, årleg	Stk.	2 768,00	2 768,00	0 %
10810	Tett tank, pris pr m3 utover grunnpris, årleg	M³	384,00	384,00	0 %
10830	Slamtømming hytte 2.kv.år	Stk	2 768,00	2 768,00	0 %
10835	Fellestank slam, bustad, årleg	stk	2 738,00	2 738,00	0 %
10840	Feittavskiljar grunnpr. <4m3	m3	1 875,00	1 875,00	0 %
Vatn					
10615	Vannabonement	Stk	3 816,00	4 770,00	25 %
10620	Vannforbruk, bustad	M³	28,00	35,00	25 %
10625	Vannabon. hytte Hallbjønn Sør	M³	28,00	35,00	25 %
10630	Vannforbruk hytte Hallbjønn Sør	Stk	5 220,00	6 525,00	25 %
10635	Vannmålarleige I	Stk	1 046,00	1 046,00	0 %
10636	Vannmålarleige II	Stk	1 405,00	1 405,00	0 %
10640	Tilknytningsgebyr, vann Hallbj. Sør	stk	35 309,00	35 309,00	0 %

Vedlegg 2

Kraftforvaltning – auka kraftinntekter

Kraftinntekter uendra straumordning	R-2024	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
Eigedomsskatt frå kraftanlegg	44 615	43 600	43 751	44 700	43 600	43 600	42 900
Naturressursskatt 1,13 øre/kWh	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800
Konsesjonsavgifter	9 782	8 300	9 800	9 800	9 800	9 800	9 800
Kraftsal - Tokkepris/Noregspris	37 856	29 300	32 800	31 000	31 000	31 000	31 000
Totalt	115 053	104 000	109 151	108 300	107 200	107 200	106 500
Kraftinntekter tilråding 65 øre/kWh	R-2024	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
Eigedomsskatt frå kraftanlegg	44 615	43 600	43 751	44 700	43 600	43 600	42 900
Naturressursskatt 1,13 øre/kWh	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800
Konsesjonsavgifter	9 782	8 300	9 800	9 800	9 800	9 800	9 800
Kraftsal - Tokkepris/Noregspris	37 856	29 300	32 800	35 500	36 000	36 000	36 000
Totalt	115 053	104 000	109 151	112 800	112 200	112 200	111 500
Kraftinntekter tilråding 75 øre/kWh	R-2024	B-2025	RB-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029
Eigedomsskatt frå kraftanlegg	44 615	43 600	43 751	44 700	43 600	43 600	42 900
Naturressursskatt 1,13 øre/kWh	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800	22 800
Konsesjonsavgifter	9 782	8 300	9 800	9 800	9 800	9 800	9 800
Kraftsal - Tokkepris/Noregspris	37 856	29 300	32 800	39 500	40 250	40 250	40 250
Totalt	115 053	104 000	109 151	116 800	116 450	116 450	115 750

Figur 1 Analyse kraftinntekter med gjennomsnittleg vekta kraftpris 65 øre/kwh og 75 øre/kwh

Det som vert rekna som kraftinntekter er:

1. Eigedomsskatt frå kraftproduksjon og overføringslinje
2. Naturressursskatt – ei produksjonsavgift på 1,13 øre/kWh kraftprodusentane betalar kommunen. Naturressursskatten vert utjamna i inntektssystemet
3. Konsesjonsavgifter – ei «miljøavgift» regulanten betalar kommunen som vert indeksjustert kvart 5 år, og er samla på om lag 9,8 mill. kr i 2026
4. Sal av særavtalekraft (konsesjonskraft) til eigne abonnentar i kommunen
5. Utbetaling frå konsesjonskraftsavtala for Telemark – 15,5 mill. kr

Av desse er det sal av konsesjonskraft til innbyggjarar og næringslivet som kommunen kan påverke på kort sikt. I gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn ein gjennomsnittleg straumpris i marknaden – «spotpris», på 65 øre/kWh per år. Dette er i tråd med dei langsiktige prisprognosene frå NVE som antydgar 67 øre/kWh i 2030 og 58 øre/kWh i 2050. Dei seinare åra har den faktiske marknadsprisen vore 58 øre/kWh i 2024 og 75 øre/kWh så langt i 2025. Prisane i spotmarknaden vert fastsett time for time, og svingar heile tida påverka av nedbør (tilsig), temperatur (forbruk), sol, vind, gassprisar, utfall av produksjon og overføringslinjer m.m.

Når straumprisane vert høgare enn dei 65 øra som ligg til grunn i budsjettet vert også kommunen sine inntekter høgare enn budsjettett – og motsett om spotprisen vert under 65 øre.

Inntekter frå sal av særavtalekraft til abonnentar i kommunen kan per i dag delast i 3 komponentar:

1. Målt forbruk hjå kvar abonnent, dette er på om lag 40 GWh per år. For dette kraftvolumet gjeld «Tokkeprisen», dvs spotpris med pristak 41 øre/kWh. Netto inntekt om lag 14 mill. kr i 2025
2. Straumforbruk som ikkje har Tokkepris – om lag 4,5 GWh per år. Denne krafta sel kommunen i marknaden til full pris. Det er ei forventa inntekt på om lag 3 mill. kr i 2025 frå denne forvaltninga
3. Straumstøtteordninga – som er ei mellombels ordning. Kommunen får gevinsten av denne statlege ordninga, og forventa inntekt om lag 2 mill. kr i 2025. Timesprisar over 75 øre/kWh utløyser statleg støtte, men berre for hushaldskundar. Fell pristaket i Tokke bort vert denne straumstøtta utbetalt til hushaldskundane og ikkje til kommunen

Tala for forventa inntekt i 2025 ovanfor er sett ut frå at spotprisen held seg rundt 75 øre/kWh resten av året.

Stortinget har vedteke å innføre «Noregspris» på straum frå 1.okt 2025. Fram til 31.12.2026 er dette ein fastpris på 40 øre/kWh, medan pristaket i «Tokkeprisen» i 2025 er 41 øre/kWh. «Tokkeprisen» er slik at abonnentane i kommunen betalar rullerande månadleg spotpris, men med eit pristak på 41 øre/kWh. Blir spotprisen ein månad til dømes 25 øre/kWh – så betalar innbyggjarar, fritidsbustader og næringsliv som har Tokkepris 25 øre/kWh – i tillegg kjem avgifter og påslag til kraftleverandøren.

«Noregspris» gjeld berre for hus og hytter (privat forbruk) opp til ei øvre grense på 5000 kWh per månad for hushaldskundar og 1000 kWh for hytter, medan næringslivet og det offentlege sjølv må velje andre straumavtaler. Ein annan viktig skilnad mellom «Tokkepris» og Noregspris» er at i Tokkeprisen er det kommunen som betalar skilnaden mellom pristaket og marknadsprisen, medan staten tek rekninga for Noregspris.

Eitt enkelt tiltak for kommunestyret å gjera for å auke kraftinntektene er å auke pristaket i «Tokkeprisen». Slik marknadsutsiktene er no kan kommunestyret auke inntektene med 400 000 kr for kvart øre taket blir auka – opp til ei grense – tentativt 65 øre/kWh.

Aukar kommunen pristaket får hushald- og hytteabonnentar eit økonomisk insitament til å velje å gå over på «Noregspris» i staden. Alt forbruk av straum i kommunen som ikkje har Tokkepris, kan kommunen selje i marknaden til full pris.

I og med innføring av Noregspris (40 øre/kWh) som ligg under gjeldande Tokkepris (41 øre/kWh), vil det ha små verknadar for det private forbruket å avslutte Tokkepris. Slik straummarknaden ser ut no kan ein rekne med at straumprisen (spotprisen) i vårt område (NO2) i store delar av 2026 vil ligge over 50 øre/kWh.

Kommunedirektøren tilrår å avslutte ordninga med pristak (Tokkepris) for private (hus og fritidsbustader) så lenge desse kundane kan velje Noregsprisavtale, men halde på pristaket for næringslivet. I økonomiplanen kan kommunen då legge til grunn ein marknadspris på straum i samsvar med NVE si langsiktige prognose – 65 øre/kWh.

Om lag 90 % av forbruket som ikkje er privat i Tokke har Tokkepris. Mellom anna er Vest-Telemark vgs med i ei felles innkjøpsavtale på straum med fylkeskommunen. Straumforbruket til VT-vgs sel då kommunen i marknaden til full pris.

Om alle næringslivskundar skal handsamast likt i denne samanheng er også eit spørsmål. Kommunedirektøren tilrår at datasenter samt produksjon, overføring og distribusjon av elektrisitet (kraft- og nettselskap) ikkje får Tokkepris. Dette er profesjonelle aktørar med kompetanse til å orientere seg i kraftmarknaden.

Kraft- og nettselskap har eit årleg forbruk på om lag 2,5 GWh, hushaldskundar om lag 20 GWh og hytter om lag 5 GWh. Ved å avslutte Tokkepris for desse kundegruppene vil kommunen kunne selje om lag 27,5 GWh = 27 500 000 kWh til marknadspris. I økonomiplanen kan ein då budsjettere med 27,5 GWh x 65 øre/kWh = 6,6 mill. kroner i ekstra inntekter samanlikna med å vidareføre dagens ordning med uendra pristak (41 øre/kWh). Den mellombelse straumstøtta på 90 % for timesprisar over 75 øre/kWh fell då bort som inntekt for kommunen – slik at netto verknad blir om lag 4,5 mill.kr.

Næringsliv elles i kommunen har eit forbruk på om lag 12,5 GWh, og kvart øre i auka pristak gjev då 125 000 kr i

auka inntekt. Kommunedirektøren tilrår at pristaket aukast til 43 øre/kWh frå 1.febr. 2026. Årsaka til val av tidspunkt er at kraftleverandøren (VTK) må varsle prisauke til kundane 1 månad før endringa vert sett i verk.

Samla verknad av Kommunedirektørens tilråding

1. Avslutning av pristak for privat forbruk (hus og hytter) samt for datasenter, kraft- og nettselskap = 5 mill. kr per år
2. Auke pristaket til 43 øre/kWh frå 01.02.2026 for anna næringsliv = 250 000 kr. per år
3. Samla verknad for budsjett 2026 (11 månader) 4,5 mill. kr, og ø-plan 2027 til 2029 5 mill kroner

Om kraftprisen eitt år vert som i 2025 (75 øre/kWh), vert reknestykket slik:

1. Avslutning av pristak for privat forbruk (hus og hytter) samt for datasenter, kraft- og nettselskap = 9,2 mill. kr ekstra inntekt
2. Auke pristaket til 43 øre/kWh frå 01.02.2026 for anna næringsliv = 250 000 kr.
3. Samla verknad for budsjett 2026 (11 månader) 8,5 mill.kr.

Om kraftprisen eit år vert som i 2020 (10 øre/kWh) vil kommunen berre få inntekt frå kraftavtala i Telemark (prissikringsstrategi) uavhengig av om kommunestyret held fram med dagens ordning eller endrar i tråd med kommunedirektøren si tilråding. Ved eit slikt prisfall kan inntektene bli om lag 20 mill. kroner lågare enn budsjettert det året. Derav viktig at kommunen har eit bufferfond.

